




Møre og Romsdal fylke



AREAL- OG  
MILJØVERNAVDELINGA



## **Supplerande kartlegging av naturtypar i Eide, Gjemnes m.m. i 2008**

Utførende konsulent: John Bjarne Jordal	Kontaktperson/prosjektansvarlig: John Bjarne Jordal E-post: john.bjarne.jordal@sunndals.net	ISBN 978-82-7430-167-2 (nett) ISBN 978-82-7430-166-5 (papir- utgåve) ISSN 0801-9363
Oppdragsgjevar: Møre og Romsdal fylke	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2009
<p><b>Referanse:</b> Jordal, J.B. 2009. Supplerande kartlegging av naturtypar i Eide, Gjemnes m.m. i 2008. Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernavingdelinga, rapport 2009:2, 100 s.</p>		
<p><b>Referat:</b> I 2008 er det utført supplerande naturtypekartlegging i Eide (38 lokalitetar) og Gjemnes (22), men det har og vore utført supplement i Fræna (14), Molde (1) og Nesset (1). Også suppleringsdata samla i eit par andre prosjekt er presenterte. Det er i samband med alle omhandla prosjekt gjort 200 funn av 26 nasjonale raudlisteartar, m.a. 108 funn av mosar (2 artar), 47 funn av planter (10 artar) og 40 funn av sopp (13 artar). Det er skildra 76 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypeane myr (30), berg/rasmark (23), fjell (6), kulturlandskap (9), ferskvatn/våtmark (1), skog (6) og havstrand/kyst (1). Særleg mykje undersøkte naturtypar i samband med denne rapporten er B04 nordvendte kystberg (23), A05 rikmyr (14) og A08 kystmyr (15). 19 lokalitetar fekk verdi A (svært viktig), 39 verdi B (viktig) og 18 verdi C (lokalt viktig). Det er presentert foto frå dei fleste lokalitetane. Det er i 2008 lagt særleg vekt på kartlegging av lokalitetar for den sjeldne torntvibladmosen <i>Scapania nimbose</i> (kritisk truga på raudlista). Det er no kjent 16 lokalitetar med denne arten, som i Europa berre finst i Eide/Fræna og på dei britiske øyane.</p>		
<p><b>Emneord:</b> naturtypar karplanter raudlisteartar mose kartlegging lav Møre og Romsdal sopp Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset <i>Scapania nimbose</i></p>		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
Trond Haukebø (seksjonssjef)	Per Fredrik Brun (direktør areal- og miljøvernavingdelinga)	

### Framsdebilete

*Torntvibladmose (Scapania nimbose) er ein heilt spesiell moseart som finst i Eide og Fræna. I heile Europa finst han berre i desse to kommunane og i vestlege deler av dei britiske øyane. Utanfor Europa har han berre nokre veksestader i Himalaya. Utsjånaden er særprega, med lange tenner ("tornar") i bladkanten. Han vart først funnen i Sleppskardet i 2007, men sist sett i 1931. Fram til 2005 trudde ein at han var utrydda på grunn av inngrep i Sleppskardet. I 2005-2008 (særleg 2008) er det kartlagt 16 lokalitetar i høgdelaget 200-530 meter over havet, i nordvendte og stabilt fuktige fjellskråningar med mykje nedbør, skodde og stabilt sivevatn. Foto: John Bjarne Jordal.*

# FØREORD

Naturbase er ein database som inneheld stadfesta informasjon om viktige lokalitetar for det biologiske mangfaldet i heile Noreg, og som vert administrert av Direktoratet for naturforvaltning. Dei fleste opplysningane i Naturbase er komne inn gjennom kommunale prosjekt med registrering av naturtypar i perioden 1999-2005, som var første fase av dette arbeidet. Arbeidet med å få oversikt over naturverdiar i fylket er omfattande, og datasetta har oftast behov for supplering. Arbeidet med supplering i Møre og Romsdal har pågått frå 2006. Målet er gradvis betre dekning i heile fylket.

Underteikna har i 2008 utført supplerande naturtypekartlegging i deler av Møre og Romsdal etter metoden i DN-handbok nr. 13. Oppdragsgjevar har vore Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavingdelinga.

Målet for kartlegginga i 2008 har vore å få supplert tidlegare naturtypekartlegging i Eide og Gjemnes, men det har og vore utført supplement i Fræna, Molde og Nesset.

Produkta av prosjektet er i tillegg til denne rapporten ein database som kan koplast mot kart. Dette vil bli offentleg tilgjengeleg i Naturbase på Internett ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)).

Følgjande personar har stilt data til disposisjon for rapporten: Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, Rein Midteng, Asplan Viak, Kristian Hassel, Vitenskapsmuseet, NTNU, Jarle Inge Holten, NTNU og Marit Dyrhaug, Tjøtta. Alle desse fortener takk.

Jordalsgrenda 05.02.2009

John Bjarne Jordal

biolog

# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>5</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>10</b>
BAKGRUNN .....	10
FORMÅLET MED RAPPORTEN .....	10
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>11</b>
<b>FUNN AV RAUDLISTEARTAR</b> .....	<b>12</b>
SOPP .....	12
MOSAR .....	12
KARPLANTER.....	13
<b>LOKALITETS-SKILDRINGAR</b> .....	<b>19</b>
EIDE.....	19
FRÆNA .....	40
GJEMNES.....	49
MOLDE .....	61
NESSET.....	61
<b>KJELDER</b> .....	<b>63</b>
SKRIFTLIGE KJELDER.....	63
MUNNLEGE KJELDER .....	64
<b>BILETE</b> .....	<b>65</b>
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>91</b>
PLANTELISTER .....	91
KRYPTOGAMLISTER.....	98
<b>OVERSIKTSKART</b> .....	<b>101</b>

# SAMANDRAG

## *Bakgrunn og formål*

Den generelle bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Det er eit ønske at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje Møre og Romsdal fylke, kommunane og andre arealforvaltarar eit betra naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

## *Metodikk*

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei inneheld naturtypar og vegetasjon det er lite av eller som er i tilbakegang, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbase og diverse andre databasar på Internett, og kontakt med ulike personar. For å skaffa fram ny kunnskap er det utført feltarbeid, og dette er hovudsaka med prosjektet. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av raudlisteartar og truga vegetasjonstypar. Informasjonen er presentert på kart, i database og i rapport.

## *Raudlisteartar*

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Forhold knytt til arealbruk er viktigast. Slike artar kallast raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport (Kålås et al. 2006).

Det er under registrering av lokalitetar i rapporten gjort 200 funn av 26 nasjonale raudlisteartar, av desse er det 108 funn av mosar (2 artar), 47 funn av planter (10 artar) og 40 funn av sopp (13 artar).

## *Naturtypar*

I tabell 1 er det presentert eit statistisk oversyn over naturtypar og verdi for lokalitetar omtala i rapporten. Det er skildra 76 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane myr (30), berg/rasmark (23), fjell (6), kulturlandskap (9), ferskvatn/våtmark (1), skog (6) og havstrand/kyst (1). Særleg mykje undersøkte naturtypar i samband med denne rapporten er B04 nordvendte kystberg (23), A05 rikmyr (14) og A08 kystmyr (15). 19 lokalitetar fekk verdi A (svært viktig), 39 verdi B (viktig) og 18 verdi C (lokalt viktig).

Tabell 1. Statistikk over naturtypar og verdi for lokalitetar omtala i rapporten. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Hovudnaturtype	Kode	Naturtype	A	B	C	Sum
Myr	A05	Rikmyr	2	7	5	14
	A06	Kjelde og kjeldebekk		1		1
	A08	Kystmyr		10	5	15
Rasmark, berg og kantkratt	B04	Nordvendte kystberg og blokkmark	14	6	3	23
Fjell	C01	Kalkrike område i fjellet	1	2	3	6
Kulturlandskap	D03	Artsrik vegkant	1			1
	D04	Naturbeitemark	1	7		8
Ferskvatn/våtmark	E10	Naturleg fisketome innsjøar og tjørner			1	1
Skog	F01	Rik edellauvskog		1		1
	F03	Kalkskog		1		1
	F04	Bjørkeskog med høgstauder		1		1
	F07	Gammal lauvskog		1		1
	F08	Gammal barskog			1	1
	F12	Kystfuruskog		1		1
Havstrand/kyst	G05	Strandeng og strandsump		1		1
<b>SUM</b>			<b>19</b>	<b>39</b>	<b>18</b>	<b>76</b>

## Lokalitetar

Det er utført registreringar mest i Eide (38 lokalitetar) og Gjemnes (22), men det er også registrert nokre lokalitetar i Fræna (14), ein i Molde og ein i Nesset. I tabell 2 er det lista opp 76 lokalitetar med verdisetting. Lokalitetane er gjevne nummer (Nr.) frå 1 til 76, og er ordna kommunevis. Av objekt registrert i Naturbase på Internett frå før er 6 supplert i felt. Kva lokalitetar dette gjeld går fram av lokalitetsskildringane. Dessutan vert to smålokalitetar sletta fordi dei vert ein del av større lokalitetar. I eit eige kapittel er det presentert bilete av dei fleste lokalitetane.

Tabell 2. Oversyn over lokalitetar registrerte i 2008. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdisette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Nr.	Kommune	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Eide	Trolldalsheia	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
2	Eide	Trolldalsvatnet nord	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
3	Eide	Einsetdalen	A08 Kystmyr	C
4	Eide	Surndalsheia	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
5	Eide	Surndalen	A05 Rikmyr	C
6	Eide	Litjvassheia	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
7	Eide	Lomtjørna	E10 Naturleg fisketome innsjøar og tjørner	C
8	Eide	Litjvatnet-Lomtjørna	A08 Kystmyr	C
9	Eide	Finnseterdalen	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
10	Eide	Finnsetra	F03 Kalkskog	B
11	Eide	Vassgårdheia nord	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
12	Eide	Øyfellet	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	C
13	Eide	Klokkhuset	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
14	Eide	Ugelstadmyra aust	A08 Kystmyr	B
15	Eide	Nord for Skarvan	A05 Rikmyr	C

Nr.	Kommune	Lokalitet	Naturtype	Verdi
16	Eide	Sæterfjellet nordvest	A05 Rikmyr	C
17	Eide	Herkedalen under Langslåa	F01 Rik edellauvskog	B
18	Eide	Herkedalen nord for Skrebekken	A05 Rikmyr	B
19	Eide	Herkedalsfjellet nord for Herkedalssetra	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
20	Eide	Hældalsvatnet søraust	F04 Bjørkeskog med høgstauder	B
21	Eide	Hældalsvatnet sør	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
22	Eide	Hældalsvatnet sørvest	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
23	Eide	Hældalsvatnet, vestsida	A06 Kjelde og kjeldebekk	B
24	Eide	Sandnestindane	C01 Kalkrike område i fjellet	A
25	Eide	Tjørndalen	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
26	Eide	Dyrhaug	D04 Naturbeitemark	B
27	Eide	Baklia (nordsida av Bollen)	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
28	Eide	Melen	C01 Kalkrike område i fjellet	B
29	Eide	Grønli: Sandsbekken	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
30	Eide	Gådalsvatnet nord	A08 Kystmyr	B
31	Eide	Vest for Årøyen	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
32	Eide	Mjølkestølen vest	D04 Naturbeitemark	B
33	Eide	Risestølen vest	D04 Naturbeitemark	B
34	Eide	Kvitholmen sør	D04 Naturbeitemark	B
35	Eide	Kvitholmen aust	D04 Naturbeitemark	B
36	Eide	Kvitholmen ved fyret	D04 Naturbeitemark	B
37	Eide	Gådalsvatnet sør	A08 Kystmyr	B
38	Eide	Gådalen: Fossli	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
39	Fræna	Sloppen	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
40	Fræna	Kyrhaugmyrene	A08 Kystmyr	B
41	Fræna	Sør for Skavatnet	C01 Kalkrike område i fjellet	B
42	Fræna	Sør for Sjurvasselva	C01 Kalkrike område i fjellet	C
43	Fræna	Sleppskardet	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
44	Fræna	Raudtuva søraust (skog)	F12 Kystfurskog	B
45	Fræna	Raudtuva søraust (hei)	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
46	Fræna	Raudtuva aust	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
47	Fræna	Flatmark-Hoksneset	D04 Naturbeitemark	B
48	Fræna	Rotvika	G05 Strandeng og strandsump	B
49	Fræna	Sør for Farstadberget	A08 Kystmyr	B
50	Fræna	Nordvest for Hustad leir	A08 Kystmyr	B
51	Fræna	Nord for Hustad leir	A08 Kystmyr	C
52	Fræna	Taksneset	D04 Naturbeitemark	A
53	Gjemnes	Fursetfjellet nord	A08 Kystmyr	C
54	Gjemnes	Fursetfjellet: Oførli	A05 Rikmyr	B
55	Gjemnes	Fursetfjellet: vest for Middagshaugen	A05 Rikmyr	C
56	Gjemnes	Fursetfjellet: sør for Oførelva	A05 Rikmyr	B
57	Gjemnes	Fursetfjellet: Middagshaugen	A05 Rikmyr	C
58	Gjemnes	Raudheia nord	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	C
59	Gjemnes	Fursetfjellet, nord for Oførelva	F08 Gammal barskog	C
60	Gjemnes	Dyrlia-Grønli	A05 Rikmyr	A
61	Gjemnes	Dyrlia: vest for Hansgardskammen	A05 Rikmyr	B
62	Gjemnes	Dyrlia: nord for Hansgardskammen	A05 Rikmyr	B
63	Gjemnes	Dyrlia: nordaust for Hansgardskammen	A05 Rikmyr	B
64	Gjemnes	Svarthaugen	A05 Rikmyr	A
65	Gjemnes	Duåsen: sør for Svartlibekken	A05 Rikmyr	B
66	Gjemnes	Sør for Heggmsvatnet	A08 Kystmyr	B
67	Gjemnes	Nord for Heggmsvatnet	A08 Kystmyr	B
68	Gjemnes	Aust for Holåvatnet	A08 Kystmyr	B
69	Gjemnes	Aspåmyran nord	A08 Kystmyr	B
70	Gjemnes	Litjvassdalen	F07 Gammal lauvskog	B

<b>Nr.</b>	<b>Kommune</b>	<b>Lokalitet</b>	<b>Naturtype</b>	<b>Verdi</b>
71	Gjemnes	Litj-Tussen-Snøtind	C01 Kalkrike område i fjellet	C
72	Gjemnes	Storlandet: Mjølkekyrane	A08 Kystmyr	C
73	Gjemnes	Storlandet: Bjønnadalen nord	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	C
74	Gjemnes	Storlandet: Bjønnadalen sør	C01 Kalkrike område i fjellet	C
75	Molde	Kloppafjellet	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
76	Neset	Stranda ved Eikesdalsvatnet	D03 Artsrik vegkant	A



### ***Kjelder og vedlegg***

Kjelder i form av litteratur, Internettstader og personar er oppgjevne. I vedlegget er det presentert artslistar for einskildlokalitetar. Oppdragsgjevar har sørgja for å digitalisera dei avgrensa lokalitetane, og avgrensingane er tilgjengeleg på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er den same som for tidlegare liknande rapportar - eit ønske frå Møre og Romsdal fylke og andre brukarar om betre kunnskap om prioriterte naturtypar i Møre og Romsdal. Slike undersøkingar har foregått i dei fleste kommunane i fylket, men på grunn av tidlegare rammer er dei ufullstendige og treng supplerings. Eg har i 2008 utført kartlegging særleg i Eide og Gjemnes, men og vore innom Fræna og ein lokalitet i kvar av kommunane Molde og Nesset. I tillegg er det samanstillt data samla i andre prosjekt, t.d. i samband med ei reguleringsplan ved Storholmen i Fræna (Jordal 2008, Gaarder 2009) og ei forvaltningsplan for Sandblostvågen/Gaustadvågen naturreservat i Eide og Fræna (Gaarder in prep).

## Formålet med rapporten

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunane, Møre og Romsdal fylke og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i Møre og Romsdal, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei inneheld naturtypar og vegetasjon det er lite av eller som er i tilbakegang, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet.

# METODAR OG MATERIALE

Metodikken er den same som nytta i tidlegare prosjekt, sjå skildring i t.d. Jordal (2007).

Registreringsarbeid og rapportering, dvs. avgrensing, skildring og verdisetting, følgjer DN-handbok nr. 13, 2. utgåve på Internett (DN 2007).

## *Artsbestemming og dokumentasjon*

Artsbestemming av karplanter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (2005), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsen (1985) og Damsholt (2002). Kristian Hassel, NTNU, har bestemt eller kontrollert ein del mosefunn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsen (1986) og Tønsberg & Holien (2006). Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, mikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 2004). For andre soppartar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsen (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Særleg interessante funn er sende til Botanisk museum i Oslo eller Vitenskapsmuseet i Trondheim, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle (jf. GBIF og Artskart). Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane eg har bruka i arbeidet.

# FUNN AV RAUDLISTEARTAR

Med raudlisteartar (sjeldne og truga artar) meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (Kålås et al. 2006), som nyttar følgjande kategoriar:

RE	regionalt utdøydd	VU	sårbar
CR	kritisk truga	NT	nær truga/omsynskrevande
EN	sterkt truga	DD	kunnskapsmangel

## Sopp

I samband med registreringsarbeidet er det gjort 40 registreringar av 13 raudlista soppartar. Alle desse er knytt til kulturlandskapet. Desse såkalla beitemarkssoppene er truga av endringane i det moderne kulturlandskapet. Dei er knytt til naturbeitemarker, dvs. beitemarker som ikkje - eller i liten grad - er utsette for jordarbeiding eller gjødsling.

## Mosar

Det er i 2008 satsa ein del på å kartleggja torntvibladmose (CR – kritisk truga), sjå nedanfor. Elles vart det tidlegare (2007) funne nålblygmose *Seligeria acutifolia* (EN - sterkt truga) av Geir Gaarder i eitt av dei områda som vert skildra i denne rapporten (Sandnestindane). Dette er ein svært sjeldsynt art med berre tre kjende lokalitetar frå før i Noreg.


### *Torntvibladmose Scapania nimbosa*

I samband med feltarbeid i 2007-2008 vart det gjort 104 registreringar frå 15 lokalitetar av den raudlista mosearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR), dessutan er det gjort to registreringar i 2003-2005. Kristian Hassel, Vitenskapsmuseet, NTNU og Geir Gaarder, Miljøfaglig utredning AS har gjort eller vore med på nokre av funna. I ein del av feltarbeidet har det vore fokusert på å leita etter denne arten som berre er kjent frå Eide/Fræna i Noreg og dessutan Storbritannia, Nepal og sørvest-Kina (Yunnan) (figur 1). Storbritannia har dei viktigaste bestandane utanom Noreg. Utbreiinga i Eide/Fræna er vist i figur 2. Arten vart oppdaga ved Sleppskardet i 1907 av den amerikanske språkprofessoren og moseforskeren Albert LeRoy Andrews (Andrews 1919), og seinare attfunnen her av moseforskeren E. Jørgensen i 1921 og 1931 (Jørgensen 1934). Fleire forsøk på å finna att arten seinare mislukkast, og til slutt trudde ein at arten var utrydda, delvis fordi Sleppskardet har gjennomgått dramatiske endringar dei siste 50 åra som følgje av kalksteinsutvinning (Hassel et al. 2000). Så vart arten funnen av Geir Gaarder i Ramgrøhammaren i Eide, rundt 6 km frå Sleppskardet, i 2005 i samband med konsekvensutgreiing av kraftlina frå Kleive til Tornes (Gaarder & Stenberg 2003). I 2005 vart arten også funnen av Gaarder ved Hældalsvatnet i Eide (Gaarder & Hassel 2005). I 2006 vart arten oppført som kritisk truga (CR) på den norske raudlista (Kålås et al. 2006). I pinsa 2007 oppdaga Geir Gaarder og undertekna at bestanden ved Hældalsvatnet var betydeleg større enn ein tidlegare hadde visst. Dette vart starten på ein større leiteaksjon i 2007-2008 som har ført til at ein i dag kjenner totalt 16 lokalitetar med 106 punktførekostar av torntvibladmosen (figur 2).

Torntvibladmosen er ein av dei sjeldnaste mosane i Noreg på grunn av eit sers lite utbreiingsområde, og særleg Eide har eit ansvar for dei skandinaviske bestandane av denne arten (13 lokalitetar og hovudbestand), men det same gjeld og i noko grad Fræna (3 lokalitetar). Vertikalt er arten funnen 200-530 meter over havet, med dei lågastliggjande førekostane nærast kysten ved Årøyan nord for Gådalsvatnet og dei høgastliggjande lengst unna kystlina ved Kløkkhuset. Arten førekjem i fuktige, nordvendte og meir eller mindre opne kystheiar og bakkemyrar, gjerne med små svaberg og berghamrar, rundt skoggrenseneivå eller litt høgare eller lågare, oftast i mellomboreal vegetasjonssone. Den klimatiske skoggrensa ligg under 400 m o.h. i ytre del og over 500 m o.h. i indre del av utbreiingsområdet (Moen 1998), men den verkelege skoggrensa er ofte lågare enn dette.



Figur 1. Totalutbreiing av torntvibladmose *Scapania nimbose* i verda (basert på Hill et al. 1991).



Figur 2. Utreiing av torntvibladmose *Scapania nimbose* i Noreg. Pilen peikar på Sleppskardet der det første funnet av arten vart gjort i 1907.

## Karplanter

I samband med feltarbeidet i 2008 vart det gjort 35 registreringar av 5 raudlista planteartar. Desse var alm, brudespore, brunskjene, engmarihand og stavklokke. Dessutan er det gjort nokre registreringar 2005-2007 i lokalitetar som er omfatta av rapporten, og i 2008 under frivillige turar og i andre prosjekt som vedkjem omtala lokalitetar. Totalt er det gjort 47 registreringar av 10 artar. Det vart gjort mange funn av brunskjene i eit område mellom Duåsen og Dyrilia i vestre del av Gjemnes, truleg dei største bestandane i fylket av denne arten. Arten vart ettersøkt fordi det tidlegare er gjort eit funn på Moldesida i dette området (kjelde: Jarle I. Holten). Lokaliteten med stavklokke ved Eikesdalsvatnet er også truleg den viktigaste i fylket, med ca. 140 planter langs ei vegkantstrekning på ca. 600 meter. Førekomstane vart oppdaga av Bjørn Austigard og publisert av Fremstad (2007). Funn av kalkklok i Sandnestindane av Geir Gaarder og Jarle I. Holten i 2008 er og interessant.

Totalt inneheld oversikta 200 funn av raudlisteartar. 150 av desse funna er gjort i 2008. 123 av funna er gjort av rapportforfattaren, dei fleste i samband med dette prosjektet.

Tabell 3. Oversikt over funn av raudlistearter (etter raudlista av 2006) under feltarbeidet i 2008, og elles nokre relevante funn gjort av andre i 2005-2008, som vedkjem lokalitetar i rapporten. Gr=organismegruppe: Alg=kransalgar, L=lav, M=mosar, P=karplanter, S=sopp. RL=kategori på raudlista (Kålås et al. 2006): EN=sterkt truga, VU=sårbar, NT=nær truga, DD=kunnskapsmangel. Hoh=høgde over havet (i meter). Alle posisjonar er UTM sone 32V, kartdatum WGS84. Alle posisjonar med 8 eller 10 siffer er målt med GPS.

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Hoh	Leg.
Alg	<i>Chara aspera</i>	Bustkrans	NT	Eide	Gaustadvågen	I brakkvasspoll	09.07.2005	MQ 129 848	0	Frøland, Tore
Alg	<i>Chara aspera</i>	Bustkrans	NT	Eide	Gaustadvågen	I brakkvasspoll	09.07.2005	MQ 127 847	0	Frøland, Tore
Alg	<i>Chara aspera</i>	Bustkrans	NT	Eide	Gaustadvågen	I brakkvasspoll	09.07.2005	MQ 132 845	0	Frøland, Tore
Alg	<i>Chara aspera</i>	Bustkrans	NT	Eide	Gaustadvågen	I brakkvasspoll	09.07.2005	MQ 138 845	0	Frøland, Tore
Alg	<i>Chara aspera</i>	Bustkrans	NT	Eide	Gaustadvågen	I brakkvasspoll	09.07.2005	MQ 140 847	0	Frøland, Tore
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Finnseterdalen	nordvendt kysthei	01.07.2008	MQ 19826 71543	343	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Finnseterdalen	nordvendt kysthei	01.07.2008	MQ 19864 71480	357	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Grønli: Sandsbekken	nordvendt kysthei	11.07.2008	MQ 12175 81985	258	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Grønli: Sandsbekken	nordvendt kysthei	11.07.2008	MQ 12240 81936	250	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27238 75625	282	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27217 75586	286	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27233 75548	303	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27368 75367	354	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27371 75348	364	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27368 75338	366	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27419 75371	367	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Herkedalsfjellet	nordvendt kysthei	23.09.2008	MQ 27468 75507	338	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Klokkhuset	nordvendt kysthei	09.10.2007	MQ 24083 72332	513	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Klokkhuset	nordvendt kysthei	09.10.2007	MQ 24069 72323	516	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Klokkhuset	nordvendt kysthei	09.10.2007	MQ 24055 72317	518	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Klokkhuset	nordvendt kysthei	09.10.2007	MQ 24031 72293	531	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Klokkhuset	nordvendt kysthei	09.10.2007	MQ 24113 72288	519	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Klokkhuset	nordvendt kysthei	09.10.2007	MQ 24151 72302	506	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Litjvassheia	nordvendt kysthei	01.07.2008	MQ 17853 72213	306	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Ramsgrøhammaren	nordvestvendt småberg	27.02.2003	MQ 1602 7558	250	Gaarder, Geir
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia N	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 18996 71836	377	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia N	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 18949 71827	372	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia N	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 18904 71817	361	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia N	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 18829 71772	355	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia NØ	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19190 71581	445	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia NØ	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19182 71588	437	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19045 71374	407	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19025 71361	401	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19111 71358	431	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19137 71366	448	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19173 71422	454	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19198 71398	463	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Surndalsheia V	nordvendt kysthei	28.06.2008	MQ 19219 71391	472	Jordal, John Bjarne

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Ho h	Leg.
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	30.07.2005	MQ 1432 7538	340	Gaarder, Geir
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14360 75317	345	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14229 75298	375	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14204 75296	375	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14164 75262	380	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14128 75246	390	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14142 75242	406	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14185 75200	422	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14020 75320	430	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14045 75344	410	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14087 75334	403	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14154 75375	395	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14183 75373	385	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	27.05.2007	MQ 14310 75310	330	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	18.06.2007	MQ 14262 75480	345	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne m.fl.
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	18.06.2007	MQ 13977 75321	444	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	18.06.2007	MQ 14000 75321	435	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	18.06.2007	MQ 14171 75255	405	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne m.fl.
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	SV for Hældalsvatnet	nordvendt kysthei	18.06.2007	MQ 14294 75300	392	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne m.fl.
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsheia NØ	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 17019 71214	338	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsheia NØ	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 17055 71152	353	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsheia NØ	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 17071 71148	356	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16510 71422	279	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16496 71423	276	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16511 71431	275	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16487 71448	264	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16485 71440	266	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16485 71464	259	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	24.06.2008	MQ 16577 71560	249	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	22.09.2008	MQ 16515 71550	245	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	22.09.2008	MQ 16637 71477	303	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	22.09.2008	MQ 16651 71471	311	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	22.09.2008	MQ 16771 71587	302	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Trolldalsvatnet N	nordvendt kysthei	22.09.2008	MQ 16782 71545	312	Hassel, Kristian; Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	20.06.2007	MQ 22419 72000	400	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	20.06.2007	MQ 22423 71950	420	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	20.06.2007	MQ 22443 71991	410	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	20.06.2007	MQ 22434 72000	410	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	20.06.2007	MQ 22378 71948	410	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	20.06.2007	MQ 22358 71947	415	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	16.10.2008	MQ 2228 7235	295	Gaarder, Geir
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Tussfossen	nordvendt kysthei	16.10.2008	MQ 2241 7232	325	Gaarder, Geir

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Ho h	Leg.
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12317 82414	235	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12511 82422	202	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12387 82384	215	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12354 82379	221	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12301 82384	238	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12018 82473	254	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12010 82473	255	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 11976 82504	247	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 11831 82401	297	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	V for Årøyen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 12035 82446	268	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Eide	Vassgårdheia N	nordvendt kysthei	01.07.2008	MQ 20596 72430	398	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Raudtuva Ø	nordvendt kysthei	16.10.2008	MQ 06869 77490	328	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09586 74836	402	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09587 74830	401	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09780 74949	459	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09780 74953	465	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09785 74953	464	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09805 74940	471	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09873 74955	484	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09869 74960	480	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09833 74978	452	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09827 74983	450	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09811 74991	445	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09775 74997	434	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09757 75028	426	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sleppskardet	nordvendt kysthei	07.10.2007	MQ 09669 75051	378	Hassel, Kristian
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sloppen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 11270 82485	292	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sloppen	nordvendt kysthei	15.07.2008	MQ 11214 82515	292	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sloppen	nordvendt kysthei	18.07.2008	MQ 11126 82428	306	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sloppen	nordvendt kysthei	18.07.2008	MQ 11146 82483	293	Jordal, John Bjarne
M	<i>Scapania nimbose</i>	torntvibladmose	CR	Fræna	Sloppen	nordvendt kysthei	18.07.2008	MQ 11320 82552	256	Jordal, John Bjarne
M	<i>Seligeria acutifolia</i>	nålblygmose	EN	Eide	Sørvest for Hældalsvatnet	på kalkstein i steinur	27.05.2007	MQ 14048 75203	443	Gaarder, Geir
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	VU	Eide	Dyrhaug	naturbeitemark/skogkant	11.07.2007	MQ 16880 78015		Dyrhaug, Marit
P	<i>Botrychium lunaria</i>	marinøkkel	NT	Eide	Sandnestindane: Kvitvatna øvre	kalkrike knausar i fjellet	31.07.2005	MQ 137 743		Gaarder, Geir
P	<i>Botrychium lunaria</i>	marinøkkel	NT	Fræna	Taksneset	strandeng	16.06.2008	MQ 0429 8552	1	Gaarder, Geir m.fl.
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57460 43340	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57436 43417	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57391 43485	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57371 43514	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57317 43565	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57225 43644	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 57175 43672	25	Jordal, John Bjarne
P	<i>Campanula cervicaria</i>	stavklokke	NT	Neset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	veggkant	13.07.2008	MQ 56990 43760	30	Jordal, John Bjarne
P	<i>Catabrosa aquatica</i>	kjeldegras	NT	Fræna	Taksneset	strandeng	16.06.2008	MQ 0398 8567	1	Gaarder, Geir m.fl.



Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Ho h	Leg.
P	<i>Catabrosa aquatica</i>	kjeldegras	NT	Fræna	Rotvika	strandeng	16.06.2008	MQ 0414 8534	1	Gaarder, Geir m.fl.
P	<i>Cystopteris alpina</i>	kalkklok	NT	Eide	Sandnestindane: i "skaret" mellom Hældalstinden og Blåfjellet	kalkbenker	23.08.2008	MQ 145 749	640	Gaarder, Geir; Holten, Jarle Inge
P	<i>Dactylorhiza incarnata</i>	engmarihand	NT	Gjemnes	Fursetfjellet sør for Middagshaugen (B)	rikmyr	26.06.2008	MQ 28108 67743	320	Jordal, John Bjarne
P	<i>Dactylorhiza incarnata</i>	engmarihand	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 38703 69158	338	Jordal, John Bjarne
P	<i>Dactylorhiza incarnata</i>	engmarihand	NT	Gjemnes	Dyrli Svarthaugen	rikmyr	17.08.2008	MQ 40232 69398	294	Jordal, John Bjarne
P	<i>Dactylorhiza incarnata</i>	engmarihand	NT	Gjemnes	Dyrli Svarthaugen	rikmyr	17.08.2008	MQ 40121 69320	296	Jordal, John Bjarne
P	<i>Dactylorhiza incarnata</i>	engmarihand	NT	Gjemnes	Duåsen	rikmyr	17.08.2008	MQ 41190 70566	200	Jordal, John Bjarne
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	NT	Eide	Melen	reinrosehei	11.07.2008	MQ 10827 80965	677	Jordal, John Bjarne
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	NT	Eide	Sandnestindane: Hældalsvatnet	Fuktsig nær vatnet	31.07.2005	MQ 1450 7547		Gaarder, Geir
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	NT	Eide	Sandnestindane: Hældalsvatnet SV	kalkrik fjellhei (leside)	31.07.2005	MQ 1412 7527		Gaarder, Geir
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	NT	Eide	Sandnestindane: Kvitvatna øvre	kalkrike knauser i fjellet	31.07.2005	MQ 137 743		Gaarder, Geir
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	NT	Eide	Hældalsvatnet søraust	rik bjørkeskog	23.08.2008	MQ 146 754		Gaarder, Geir; Holten, Jarle Inge
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	NT	Fræna	Trollkyrkja	rik fjellvegetasjon	23.08.2008	MQ 1194 7440	500	Jordal, John Bjarne
P	<i>Pseudorchis albida</i>	kvitkurle	VU	Eide	Fosslia ved Gådalsvatnet	I litt baserik nordvendt bergvegg	21.05.2005	MQ 1246 8013		Gaarder, Geir
P	<i>Pseudorchis albida</i>	kvitkurle	VU	Eide	Hældalsvatnet søraust	rik bjørkeskog	23.08.2008	MQ 146 754		Gaarder, Geir; Holten, Jarle Inge
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39333 68406	244	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39252 68473	249	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39199 68535	254	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39166 68562	260	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39057 68679	264	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 38998 68787	277	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 38960 68845	285	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 38930 68880	288	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 38865 69028	304	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 38828 69080	316	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39198 68886	289	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39361 68589	265	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39427 68582	260	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli mot Svartlia	rikmyr	16.08.2008	MQ 39483 68511	256	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli vest for Hansgardskammen	rikmyr	17.08.2008	MQ 39666 68450	262	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli nord for Hansgardskammen	rikmyr	17.08.2008	MQ 39976 68820	282	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli Svarthaugen	rikmyr	17.08.2008	MQ 40214 69405	294	Jordal, John Bjarne
P	<i>Schoenus ferrugineus</i>	brunskjene	NT	Gjemnes	Dyrli Svarthaugen	rikmyr	17.08.2008	MQ 40116 69315	296	Jordal, John Bjarne
P	<i>Ulmus glabra</i>	alm	NT	Eide	Herskedal edellauvskog	edellauvskog	16.07.2008	MQ 267 743	180	Jordal, John Bjarne
P	<i>Ulmus glabra</i>	alm	NT	Nesset	Stranda v. Eikesdalsvatnet	vegkant, edellauvskog	13.07.2008	MQ 573 435	30	Jordal, John Bjarne
S	<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 04296 85613	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Entoloma jubatum cf.</i>	semska raudskivesopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04010 85480	2	Gaarder, Geir

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Ho h	Leg.
S	<i>Entoloma queletii</i>	-	VU	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 04408 85548	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Entoloma queletii</i>	-	VU	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 04302 85617	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Entoloma queletii</i>	-	VU	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 04055 85697	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Entoloma queletii</i>	-	VU	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 03880 85684	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Entoloma queletii</i>	-	VU	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 03903 85635	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Geoglossum simile cf.</i>	trolljordtunge	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04210 85550	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	VU	Eide	Kvitholmen	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 10676 89372	18	Jordal, John Bjarne
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	Eide	Risestølen vest	naturbeitemark	16.10.2008	MQ 1278 8625		Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 04245 85683	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03210 85270	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03890 85680	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	NT	Eide	Kvitholmen	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 10934 89279	4	Jordal, John Bjarne
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03240 85330	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03200 85300	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	NT	Eide	Risestølen vest	naturbeitemark	16.10.2008	MQ 1280 8624		Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	kystlynghei/beite	24.09.2008	MQ 03219 85339	4	Jordal, John Bjarne
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	kystlynghei/beite	24.09.2008	MQ 03232 85361	4	Jordal, John Bjarne
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04420 85520	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04150 85680	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03430 85330	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03400 85340	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03200 85330	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03200 85270	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	NT	Eide	Risestølen vest	naturbeitemark	16.10.2008	MQ 1280 8624		Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04360 85520	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04190 85540	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04190 85570	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04210 85570	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04040 85520	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03430 85330	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03420 85360	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03200 85330	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03210 85270	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Fræna	Flatmark-Hoksnes	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 03490 85010	2	Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Eide	Mjølkstølen vest	naturbeitemark	16.10.2008	MQ 1220 8567		Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	NT	Eide	Risestølen vest	naturbeitemark	16.10.2008	MQ 1278 8625		Gaarder, Geir
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	24.09.2008	MQ 04296 85614	1	Jordal, John Bjarne
S	<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	VU	Fræna	Storholmen-Taksneset	naturbeitemark	26.10.2008	MQ 04210 85510	2	Gaarder, Geir

# LOKALITETS-SKILDRINGAR

Lokalitetane er ordna alfabetisk først etter kommune, deretter lokalitetsnamn. Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal.

Følgjande forkortingar er nytta:

BG=belegg ved herbariet i Bergen

GGa=Geir Gaarder

JBj=John Bjarne Jordal

KH=Kristian Hassel

O=belegg ved herbariet i Oslo

For lokalitetar som er registrerte frå før, er det vist til tidlegare lokalitetsnummer. "BN"+talsiffer viser til nummer i Naturbase på Internett (IID).

Posisjonar er oppgjevne som omtrentleg midtpunkt, eller som omskrivne rektangel (intervall).

Sjå også kapitlet om raudlisteartar, biletkapittelet, kjeldelista og artslistar (plante- og kryptogamlistar).

## Eide

### *1 Trolldalsheia*

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 170, 711-712
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.2008, JBj

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 24.06.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg på sørsida av Fræneidet lengst sørvest i Eide kommune, rundt 300-360 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg, finnskjegg, røsslyng og rome, og mange oseaniske mosar. Det finst små riksige med einskilde basekrevande planter.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det var tre delførekomstar med til saman vel 20 dm<sup>2</sup> mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, grønkurle, heisiv, kattedot, musøyre og svarttopp. Det vart elles m.a. notert oseaniske mosar som grannkrekkmose *Lepidozia pearsonii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### *2 Trolldalsvatnet nord*

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 165-167, 714-715
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt

<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.2008, JBJ, 22.09.2008, KH & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 24.06.2008 og feltarbeid saman med Kristian Hassel 22.09.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg på sørsida av Fræneidet lengst sørvest i Eide kommune, frå Trolldalsvatnet og nordover langs elva og nordaustover til Knubban, rundt 200-320 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg, røsslyng og rome. Det finst små riksige og rikmyrflekkar med einskilde basekrevande planter. I nedre deler er det mest myrskog og fattigmyrer med spreidd furu og bjørk.

*Kulturpåverknad:* Trolldalsvatnet er drikkevasskjelde, i den samanheng er det bygd veg og gravd ned vassleidning opp til vatnet. Dette medfører at bekken som renn gjennom lokaliteten har redusert vassføring. Området verka elles lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var 12 delførekomstar med til saman rundt 35 dm<sup>2</sup> mosedekning. Av planter vart det notert m.a. dvergjamne, fjelltistel, heisiv, hengjeaks, kornstorr, kvitsymre, loppestorr og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, kystlommemose *Fissidens dubius*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (prakttvibladmose går ned til 210 m o.h. og opp til 320 m o.h., og hadde gode bestandar).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 3 Einsetdalen

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 182 720
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0803 Jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 28.06.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg i Einsetdalen/Surndalen. Myra er omlag plan. Høgda er rundt 160 meter o.h. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattige planmyr, mest fastmatte, men og ein god del mjukmatte. Viktige artar er bjørneskjegg, rome, røsslyng, blåknapp og flaskestorr.

*Kulturpåverknad:* Det går ein skogsveg i kanten av myra. Noko nærliggjande granplantefelt er grøfta. Status for beiting i dag er uvisst.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast elvesnelle, flaskestorr, harerug, heisiv, kornstorr, kvitsymre, kystmyrklegg og lappvier.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi C (lokalt viktig) fordi han ikkje tilfredsstiller kriteria til B (under 50 dekar i sørboreal sone).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### 4 Surndalsheia

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 188-192, 713-718  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** B04 Nordvendte kystberg og blokkmark  
**Utforming:** B0403 Moserik fjellheiotforming  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 28.06.2008, JBJ

##### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 28.06.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og er ein del av Surndalsheia som ligg nordaust for Luten og sørvest for Vassgård, rundt 340-500 m o.h.

Lokaliteten ligg i ei fjellside som heller mot nord, nordvest og nordaust. Området ligg i mellomboreal til lågalpin vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg, rome, røsslyng, blåtopp, kvitlyng, blokkebær og finnskjegg. Det finst einskilde rike sig og små rikmyrflekkar med basekrevande planter og mosar.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR – kritisk truga på raudlista). Lokaliteten synest å ha ein stor og svært viktig bestand av denne arten, taksert til minimum 90 dm<sup>2</sup> mosedekning fordelt på 13 delførekomstar, men det var truleg meir fordi det vart for lite tid til å undersøkje bestandane i detalj. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellpryd, fjelltistel, grønstorr, gulstorr, kattefot, kornstorr, kvitsymre, loppestorr, svarttopp og særbusstorr. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, og gode bestandar av prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har gode og viktige bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### 5 Surndalen

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 189 713-714  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:**  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 28.06.2008, JBJ

##### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 28.06.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg i Surndalen mellom Surndalsheia og Luten i sørlege del av Eide kommune. Myra heller mot vest. Høgda er rundt 390 meter over havet. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av hellande, intermediær til middelsrik fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, kornstorr, sumphaukeskjegg og svarttopp.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei mindre rikmyr (<50 dekar) som ligg over eksisterande skoggrense.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 6 Litjvassheia

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 177-180, 721-722
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 01.07.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg i ei slakk nordvendt fjellskråning på nordsida av Luten i sørvestlege del av Eide kommune, rundt 250-350 m o.h. På økonomisk kart står lokalnamnet Litjvassheia. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome. I tillegg førekjem einskilde rikkjelder, rike sig og rikmyrflekker.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Dei bestandane som vart sett var svært sparsame. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, blåklokke, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, harerug, heiblåfjør, heisiv, kattedot, kornstorr, rabbesiv og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingemose *Mylia taylorii* og praktvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Praktvibladmosen vart funnen sju ulike stader.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 7 Lomtjørna

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 173 728
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	E10 Naturleg fisketome innsjøar og tjørner
<b>Utforming:</b>	E1002 Lite myrtjørn og myrpytt
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, fiskeutsetting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 30.01.2009 basert på eige feltarbeid 01.07.2008. Lokaliteten er ei lita myrtjørn som ligg litt merkeleg på ei høgde i terrenget på Halåsåsen, tilsynelatande utan tilsig. Høgda over havet er 238 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Tjørna er dominert av flytebladvegetasjon. Langs kantane var det flaskestorr og bukkeblad. Vegetasjonen nede i vatnet er ikkje undersøkt.

*Kulturpåverknad:* Det går ei kraftline forbi i nærleiken, elles verka området lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Det vart sett mange ulike augnestikkarartar. Evertebratfaunaen er ikkje undersøkt. Av planter kan særleg nemnast soleinøkkerose. Den siste er regionalt sjeldan og den mest interessante arten på lokaliteten.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B, m.a. er han liten, ligg over sørboreal sone og har eit dårleg dokumentert artsinventar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Utsetting av fisk bør unngåast.

## 8 Litjvatnet-Lomtjørna

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 170-173,720-728
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvannsmyr
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 30.01.2009 basert på eige feltarbeid 01.07.2008. Lokaliteten er eit større myrområde, dels noko tresett med furu og bjørk, som strekkjer seg omlag frå Lomtjørna og sørover mot Litjvatnet. Høgda er rundt 200-280 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattig til intermediær fastmattemyr, og større og mindre parti med nedbørsmyr som stadvis har store og dels kraftig eroderte tuver (innslag av atlantisk høgmyr). Det førekjem spreidd furu og bjørk. Viktige artar er røsslyng, bjørneskjegg, torvull og molte.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau. Status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast breiull, grønstorr, heisiv og myrsnelle som viser innslag av intermediær myr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det ligg over sørboreal (og ikkje kan seiast å vera eit pressområde pr. i dag). Innslaget av høgmyr kunne likevel kanskje tilseia ein høgare verdi.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 9 Finnseterdalen

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 198-199, 714-715
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 30.01.2009 basert på eige feltarbeid 01.07.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg

inst i Finnseterdalen sørvest for Vassgård, rundt 330-370 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar og fattigmyrer med m.a. bjørneskjegg og rome. Det førekjem og rike sig.

*Kulturpåverknad:* Det går ein sti i kanten av lokaliteten, denne har og vore nytta til terrenggåande kjørety. Området verka elles lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det vart funne to delførekomstar med til saman vel 20 dm<sup>2</sup> mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, fjelltistel, heisiv, lappvier og loppestorr. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, og gode bestandar (fem delførekomstar) av prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har viktige bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 10 Finnsetra

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 194-195, 724
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, Myr
<b>Naturtype:</b>	F03 Kalkskog, A05 Rikmyr
<b>Utforming:</b>	F0306 Lågurtkalkskog i kyststrok, A0505 Open intermediær og rikmyr i låglandet
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 30.01.2009 basert på eige feltarbeid 01.07.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg i Finnseterdalen sørvest for Vassgård, mellom Finnsetra og kraftlinegata som går opp på fjellet. Grensa i nord går ved eit steingjerde mot innmark. Terrenget heller mot nordvest. Høgda er rundt 100-120 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av frisk kalkskog i mosaikk med buskkledd middelsrik fastmattemyr. Kalkskog reknast som ein truga vegetasjonstype.

*Kulturpåverknad:* Området er påverka av tidlegare hogst og beiting. Status for beiting i dag er uvis. Deler av lokaliteten er rydda fordi det er kraftlinetrasé.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast enghumbleblom, engstorr, fjellaugnetrøst, fjelltistel, grov nattfiol, harerug, heisiv, kornstorr, kvitbladtistel, kvitsymre, loppestorr, mjødurt, myrklegg, smalkjempe, småengkall, soleihov, stortviblad, sumphaukeskjegg og svarttopp.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er eit mindre og middels artsrikt område med kalkskog og rikmyr, og med eit par litt kravfulle orkideartar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 11 Vassgårdheia nord

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 203-206, 722-724
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiutforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2008, JBJ



## Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 30.01.2009 basert på eige feltarbeid 01.07.2008. Lokaliteten tilhører naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg på nordlege del av Vassgårdheia, ein åskam rett sør for Vassgård. Lokaliteten vender mot nord, nordaust og nordvest, og ligg rundt 370-420 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg, rome, blåtopp, finnskjegg og røsslyng. Det finst og rike sig og rikmyrflekker. Det var litt spreidd med bjørkebusker og bjørkeholt.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det som vart påvist var likevel berre ein einaste liten delbestand, men truleg finst det meir enn det som vart funne. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, fjellfrøstjerne, fjelltistel, harerug, heisiv, kvitsymre, loppestorr, sumphaukeskjegg og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: småstylte *Bazzania tricrenata*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 12 Øyfjellet

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 213-218, 720-727
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt; myr
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark; A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming, A0803 Jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.09.2008, JBJ

## Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 30.01.2009 basert på eige feltarbeid 23.09.2008. Lokaliteten tilhører naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark og ligg på Øyfjellet søraust for Vassgård, rundt 240-400 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar og fattige bakkemyrer med bjørneskjegg, røsslyng og rome, og litt spreidd tresetting av furu og bjørk (delvis open røsslyngfuruskog).

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau. Beitetrykket verka lite i 2008.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. heisiv, myraugnetrøst, småtranebær, men ingen meir interessante artar. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii* og raudmuslingmose *Mylia taylorii*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at han har truleg ikkje tilfredsstillende kriterier til B. Det kan likevel finnast artar som kan gje høgare verdi.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 13 Klokkhuset

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 240-246, 722-723
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark

**Utforming:** B0403 Moserik fjellheiotforming  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 09.10.2007, KH

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 22.01.2009 basert på feltarbeid av Kristian Hassel 09.10.2007 og seinare opplysningar motteke frå same person. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg nordvest, nord og aust for Klokkhuset i den nordvendte fjellsida sør for Ugelstadmyrene, rundt 460-550 m o.h. Området ligg i mellomboreal til lågalpin vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er grassnøleie (som og liknar oseaniske fuktheiar) med m.a. finnskjegg, rome, kvitlyng, blåtopp og krekling.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det vart påvist fem delførekomstar i høgdelaget 513-531 m o.h., som er den høgastliggjande lokaliteten som er kjend for denne arten til no her i landet. Av planter vart det ikkje notert særleg interessante artar. Prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* var ein hyppig art i heile lokaliteten, også aust for Klokkhuset der torntvibladmosen ikkje vart funnen. Andre følgjeartar var heigråmose *Racomitrium lanuginosum* og heimose *Anastrepta orcadensis*. Fjellfiltmose *Aulacomnium turgidum* vart og registrert, dette er ein art med eit arktisk-alpint utbreiingsmønster og få funn nær kysten.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 14 Ugelstadmyra aust

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 241-251, 728-735  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.07.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg inst på Ugelstadmyra. Myra hellersvakt mot vest. Høgda er rundt 300-340 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattig bakkemyr, men det er og innslag av nedbørsmyr, og typane går litt over i kvarandre. Det finst einskilde artar som indikerer intermediaær myr. Bjørneskjegg og rome er viktige artar.

*Kulturpåverknad:* Tilgrensande myrer er delvis dyrka eller grøfta. Lokaliteten er i hovudsak intakt myr, men kan vera noko påverka av aktivitetane i tilgrensande område. Status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, dvergjanne, heisiv og særbusstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større kystmyr i mellomboreal (380 dekar), som truleg kan seiast å vera eit pressområde pga. dyrking i nærleiken.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 15 Nord for Skarvan

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 237 751
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Utforming:</b>	
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.07.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg på nordsida av fjellet Skarvan nord for Ugelstadmyra. Myra heller mot nord. Høgda er rundt 410-440 meter. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (men over lokal skoggrense) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Lokaliteten inneheld intermediære til middelsrike bakkemyrar og rike sig med ein del basekrevande artar. Området rundt er dominert av fjellhei og myr, mest fattig fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau. Det verka lite beita i 2008.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, harerug, klokkevintergrøn, svarttopp og trillingsiv. Av mosar fanst m.a. mattehutremose *Marsupella emarginata*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og stripefoldmose *Diplophyllum albicans*.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 16 Sæterfjellet nordvest

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 242-243 749-750
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Utforming:</b>	
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.07.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg på nordsida av Sæterfjellet nord for Ugelstadsetra. Myra heller mot nord. Høgda er rundt 400-470 meter. Området ligg truleg i mellomboreal til lågalpin vegetasjonssone og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Lokaliteten inneheld intermediære til middelsrike bakkemyrar og rike sig med ein del basekrevande artar. Det var relativt mykje breiull. Området rundt er dominert av fjellhei, fattigmyr og bjørkeholt.

*Kulturpåverknad:* Området var lite påverka, men har vore beita av sau. Det verka lite beita i 2008.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, harerug, heisiv, kornstorr, kvitsymre, loppestorr, skogstorkenebb, småengkall, sumphaukeskjegg, svarttopp, sølvbunke og sølvvier. I øvre deler kom det inn snøleie med m.a. trefingerurt og musøyre.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (over skogen og ikkje ekstremrik).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 17 Herkedalen under Langslåa

<b>Tidlegare nummer:</b>	BN00024743
<b>Posisjon:</b>	MQ 266-268, 742-743
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindskog
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Jordal (2007, avstandsbetraktning), 16.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på Jordal (2007, berre avstandsbetraktning) og eige feltarbeid 16.07.2008. Lokaliteten er eit mindre edellauvskogsområde som ligg på austsida av Herkedalen eit stykke oppe i dalen, under Langslåa. Høgda er rundt 160-ca. 300 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av vestvendte lauvskogslier med innslag av edellauvskog. Av treslag finst alm (NT), bjørk, furu, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Einskilde parti er dominert av hassel, andre av bjørk, gråor eller alm, og det er ein del lågurtprega skog. Somme parti er høgstaude- eller storbregnedominert, men det er og parti med mykje storfrytle.

*Kulturpåverknad:* Det går ein skogsveg i nedkanten av lokaliteten og det har vore hogd litt i nedre del i nyare tid. Området har vore beita av sau tidlegare, men status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bergfrue, breiflangre, bringebær, broddtelg, brunrot, enghumbleblom, firblad, grov nattfiol, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kranskonvall, kratthumbleblom, krattlodnegras, kvitblattistel, kvitsoleie, kvitsymre, liljekonvall, lodnebregne, lundrapp, markjordbær, myske, ormetelg, rosenrot, sanikel, skogfiol, skogsvinerot, skogvikke, storfrytle, storklokke, strutsvegg, sumphaukeskjegg, svartburkne, tannrot, trollbær og turt. Av lav vart det notert lungenever, sølvnever, vanleg blåfyllav og grynfyllav.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ein rik edellauvskog, som dessutan er relativt artsrik og med einskilde kravfulle artar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep.

## 18 Herkedalen nord for Skrebekken

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 265 742
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Utforming:</b>	A0505 Open intermediær og rik myr i låglandet
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.07.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg i dalbotnen eit stykke inne i Herkedalen, på austsida av dalen, sør for Nybelimyran og nord for Skrebekken. Myra heller svakt mot vest. Høgda er rundt 100-110 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er dominert av middelsrik fastmattemyr med ein del breiull. Området rundt er dominert av myr i dalbotnen. Ein del av desse er oppdyrka.

*Kulturpåverknad:* Ein del av myrene i tilgrensande område er oppdyrka. Det går ein skogsveg i kanten av lokaliteten. Status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast breiull, enghumleblom, engstorr, fjellfrøstjerne, grønstorr, hanekam, harerug, jåblom, kornstorr, kvitsymre, loppestorr, mjøduert, myraugnetrøst, myrfrytle, myrklegg, myrsauløk, myrsnelle, raudkløver, smalkjempe, sumphaukeskjegg, svarttopp og særbustorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) fordi det er ei intakt rikmyr under skoggrensa (sørboreal, 12 dekar).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 19 Herkedalsfjellet nord for Herkedalssetra

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 271-274, 753-756  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** B04 Nordvendte kystberg og blokkmark  
**Utforming:** B0403 Moserik fjellheiotforming  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 23.09.2008, KH & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid saman med Kristian Hassel 23.09.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg aust for Herkedalen nord for Herkedalssetra (Storheia på økonomisk kart), rundt 260-420 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar og fattige bakkemyrer med m.a. bjørneskjegg, rome, røsslyng, blokkebær og blåtopp. Bjørk og furu førekjem spreidd men terrenget har eit i hovudsak ope preg.

*Kulturpåverknad:* Kulturpåverknaden er liten i dag, men området har vore beita av sau. Det går ein nokså svak sti gjennom lokaliteten til Herkedalssetra.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det vart funne 8 delførekomstar, taksert til over 50 dm<sup>2</sup> mosedekning, noko som er ein god bestand. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjelljamne, greplyng, gulsildre, heiblåfjør, heisiv, kattefot, kornstorr, kystmyrklegg, loppestorr, myraugnetrøst, rypebær og svarttopp. Av mosar kan nemnast heimose *Anastrepta orcadensis*, kystsotmose *Andraea alpina*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, heiflette *Hypnum jutlandicum*, kystfingerrose *Kurzia trichoclados*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (over 20 delførekomstar og gode bestandar), raudmakkrose *Scorpidium revolvens* og heitorvmose *Sphagnum strictum*. Dei fleste av desse er oseaniske artar.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 20 Hældalsvatnet søraust

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 146 754  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F04 Bjørkeskog med høgstauder  
**Utforming:** F0401 Rein høgstaudeutforming/F0402 Lågurtutforming med spreidde høgstauder  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 20.07.2003, GGa & DH, 23.08.2008, GGa & JIH

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av Geir Gaarder 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 20.07.2003 (saman med Dag Holtan) og 23.08.2008 (saman med Jarle I. Holten). Lokaliteten er eit mindre bjørkeskogsområde med høgstauder som ligg søraust for Hældalsvatnet. Høgda er rundt 230-400 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av til dels frodig bjørkeskog, dels i bratt, jamn li og dels i rasmark/blokkmark. Det er innslag av små bergveggar og fuktsig i lia. Det er også nokre fattigare parti, men ikkje mykje.

*Kulturpåverknad:* Området verkar lite påverka i dag. Det har vore beita av sau. Status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Floraen er ganske frodig, og stadvis veks det kravfulle, kalkkrevande artar. I 2008 vart det m.a. funne både brudespore (NT), stortviblad, skogmarihand og kvitkurle (VU) her, i litt opne parti (fuktsig, berghamrar og liknande). I tillegg kan nemnast fjellplanter som hårstorr, gulstorr, gulsildre, raudsildre og lokalt også reinrose i tilsvarende opne miljø nedover i skogen. I 2003 vart det også notert artar som dvergjamne, fleckmure, loppestorr og fjellfrøstjerne i same område. Den lukka bjørkeskogen har stort sett meir ordinær høgstaudevegetasjon med artar som enghumbleblom, turt, sumphaukeskjegg og store bregner. Det er også innslag av fattigare, bregnerik skog her og til dels blåbærskog, men lite lyngplanter.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) fordi det er snakk om ein uvanleg frodig og artsrik bjørkeskog med ein kalkkrevande flora som har innslag av fleire sjeldsynte og dels raudlista planter.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 21 Hældalsvatnet sør

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 145 752-753
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0402 Sørleg oseanisk utforming
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.05.2007, GGa & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Gaarder 27.05.2007. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, og ligg rett sør for Hældalsvatnet, i ei nordvendt fjellside, rundt 250-400 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er frisk og fuktig bjørkeskog med storbregner, blåbær og urter, og berghamrar med spreidd og for det meste fuktikrevande vegetasjon med ein del mosematter.

*Kulturpåverknad:* Området er generelt lite kulturpåverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Det vart m.a. notert følgjande mosar: prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, dronningmose *Hookeria lucens*, kammose *Ctenidium molluscum* og spriketormose *Sphagnum squarrosum*. Dessutan vart lavarten *Arthonia vinosa* påvist. Av planter vart det notert m.a. bergfrue, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, gulsildre, hinnebregne (MQ 14525 75249) rabbesiv, raudsildre, rosenrot, svarttopp og turt. Fleire av desse indikerer baserike tilhøve, og nokre av artane er oseaniske.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Beiting er ikkje til skade for naturverdiane.

## 22 Hældalsvatnet sørvest

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 140-143, 752-754
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.07.2005, GGa, 27.05.2007, GGa & JBJ, 18.06.2007, KH, JBJ, m.fl.

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Gaarder 27.05.2007 og saman med Kristian Hassel m.fl. 18.06.2007. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg på sørvestsida av Hældalsvatnet, rundt 320-450 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome. I nedre deler er det spreidd, lågvaksen bjørkeskog med varierende undervegetasjon av fukthei, lyngmark og bregner. Elles førekjem små fattige til middelsrike bakkemyrer og fuktsig. Over skogen finst og litt lågalpin rabbevegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Området er generelt lite kulturpåverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Viktigast var bestandar av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Arten vart først funnen i 2005. Lokaliteten har truleg ein av dei viktigaste delbestandane av denne arten i Noreg, og det er funne om lag 20 delførekomstar i høgdeintervallet 330-444 m o.h. Av planter vart det notert m.a. reinrose, taggbregne og grønburkne. Det vart elles m.a. notert følgjande mosar: prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (store bestandar), heimose *Anastrepta orcadensis*, bergurnemose *Rhabdoweisia fugax* og dronningmose *Hookeria lucens*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har gode bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna. Elles finst eit utval andre oseaniske moseartar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 23 Hældalsvatnet, vestsida

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 144 755
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A06 Kjelde og kjeldebekk
<b>Utforming:</b>	A0603 Kjelde over sørboreal
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.05.2007, GGa & JBJ, 18.06.2007, KH, JBJ, m.fl.

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.07.2008. Lokaliteten omfattar ei strekning med kjelder og kjeldebekkar på vestsida av Hældalsvatnet. Høgda er rundt 230-240 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av bjørkedominert lauvskog, småmyrer og kjelder og kjeldebekkar med stort sett intermediaer til middelsrik vegetasjon. I Hældalsvatnet finst elles på grunt vatn matter av kransalgar av slekta *Nitella* (glattkrans).

*Kulturpåverknad:* Det går ein stig langs vatnet som er nytta litt til friluftsliv, særleg fiske. Området har vore beita. Stort sett er kulturpåverknaden minimal.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast m.a. gulsildre, fjellfrøstjerne, gulstorr og svarttopp.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) fordi det inneheld fleire velutvikla kjelder og kjeldebekker over sørboreal vegetasjonssone.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 24 Sandnestindane (supplering)

*Tillegg:* I samband med feltarbeid 27.05.2007 (Geir Gaarder, John Bjarne Jordal) og 23.08.2008 (Geir Gaarder og Jarle Inge Holten) har det framkome ein del nye data om naturtypar og artar i området. Sandnestindane har fått ei noko mindre avgrensing, samtidig med at nye lokalitetar med m.a. nordvendte kystberg og blokkmark er avgrensa i nord. Nye artsfunn er m.a. nålblygmose *Seligeria acutifolia* (EN) (MQ 1474 7497), holeblygmose *Seligeria donniana*, marinøkkel (NT), kalkklok (NT)(på kalkbenkene i "skaret" mellom Hældalstinden og Blåfjellet, dvs. MQ 145 749), kjertelvier, snøull, tuvetrollmose *Cyrtomnium hymenophyllum* og liten skållav *Solorina bispora*. Dei nye funna understrekar den store verdien dette området har, særleg for kalkkrevande artar som dels er svært sjeldne elles i regionen.

## 25 Tjørndalen (N for Hælen)

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 133-139, 257-261
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.10.2007, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid 23.10.2007. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg nordvest for Hældalsvatnet, nær grensa til Fræna, rundt 280-500 m o.h. Området ligg i mellomboreal til lågalpin vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome, tidleg utsmelta snøleie med m.a. finnskjegg, og litt fattige bakkemyrar.

*Kulturpåverknad:* Området er lite påverka, men litt streifbeiting av sau førekjem.

*Artsfunn:* Det vart elles m.a. notert følgjande mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, kammose *Ctenidium molluscum*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekkmose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, fingersaftmose *Riccardia palmata* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Prakttvibladmosen vart funnen tre stader. Av planter vart det notert m.a. aksfrytle, bjørnebrodd, dvergjamne, fjellsyre, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, heisiv, kvitblattistel, loppestorr, rabbesiv, raudsildre, rosenrot og småengkall.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei middels artsrik utforming av naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, men utan raudlisteartar så langt ein kjenner til.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 26 Dyrhaug

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1688 7801
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0402 Blåtoppeng, D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.07.2007, Marit Dyrhaug



## Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er redigert av John Bjarne Jordal basert på besøk av Marit Dyrhaug (Tjøtta) 11.07.2007 og informasjon tilsendt frå henne i ettertid. Lokaliteten ligg inntil tuftene av ein gammel husmannsplass, i noverande utmark oppunder lia mellom Teia i vest og Høgreina i aust, om lag 150 meter over havet. Lokaliteten er avgrensa mot nord av ein bergskrent med lauvskog (bjørk), i vest mot eit planta granfelt. Sør og aust for lokaliteten går vegetasjonen over til bjørkeskog, delvis myrlendt. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er frisk fattigeng og blåtopp-eng med spreidde furutre og bjørk. Blåtopp er stadvis dominerande, elles var det mykje blåknapp og smalkjempe.

*Kulturpåverknad:* Det har vore ein husmannsplass på staden på 1800-talet, og det har tidlegare vore slått og beiting, dei siste 100 åra truleg mest beiting. I gammel tid gjekk kjerrevegen mellom Bollia og Eide forbi her. På 1900-talet har området vore beita av sau vår og haust, men beitetrykket gjekk sterkt attende etter ca. 1970. På 1980-tallet vart området i ein periode beita av storfe. Etter 1990 har det vore minimalt med beiting i området. Lokaliteten er i dag prega av attgroing.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av rundt 12 planter (blomsterstenglar) av solblom (*Arnica montana*) (VU-sårbar på raudlista 2006). Andre artar var bleikstorr, blåklokke, blåknapp, harerug, nattfiol, smalkjempe, småengkall og ein augnetrøst-art.

*Prioritering:* Verdien vert sett til B (viktig). Verdisettinga vert grunngjeven med ein mindre bestand av raudlistearten solblom, som er ein av dei nordlegaste i landet (jf. Jordal et al. 2006 i Blyttia).

*Omsyn og skjøtsel:* Det er viktig at landskapet i framtida vert halde ope med beiting og eventuell rydding, elles vil solblomen forsvinna.

## 27 Baklia (nordsida av Bollen)

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 126 799
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.07.2008, JBJ

## Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 05.02.2009 basert på eige feltarbeid 11.07.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg sør for Fosslia ved Gådal, på nordsida av Bollen, rundt 350 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstypen er oseaniske fuktheiar og fattige bakkemyrar med m.a. bjørneskjegg og rome.

*Kulturpåverknad:* Området er lite kulturpåverka, men har vore beita av sau tidlegare.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. gulsildre og rabbesiv. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Sistnemnde hadde berre sparsame førekomstar.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei middels velutvikla førekomst av moserik fjellheiotforming av nordvendte kystberg og blokkmark med einskilde kravfulle artar, men ingen raudlisteartar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 28 Melen (supplering)

<b>Tidlegare nummer:</b>	BN00024723
<b>Posisjon:</b>	MQ 106-108, 809-811

<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	C01 Kalkrike område i fjellet
<b>Utforming:</b>	C0104 Bergknaus og rasmark
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.1990, Jarle Inge Holten (Jordal 2007), 11.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 05.02.2009 basert på besøk 27.06.1990 av Jarle I. Holten (Jordal 2007) og eige feltarbeid 11.07.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen kalkrike område i fjellet og ligg på sørsida av Melen. Reinrose finst i grus- og steinrike rasmarkar i høgdelaget 630-768 m o.h. (dvs. heilt opp til toppen), og det som er avgrensa omfattar Eide-delen av ein lokalitet som også går over i Fræna. Avgrensinga vart noko utvida etter besøket i 2008. Området ligg i lågalpin vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Veldrenerte reinroseheiar (R3c) på grusrik mark dominerer.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita. Det er ein varde på toppen med ein trimpost og dessutan stigar opp frå fleire kantar.

*Artsfunn:* Av planter vart det i 2008 notert m.a. aksfrytle, brudespore (NT), dverggråurt, fjellsmelle, fjellveronika, harerug, kattedot, musøyre, rabbesiv, raudsildre, reinrose, sauesvingel og tiriltunge.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik lokalitet i høve til kalkkrevande fjellplanter, og med ein raudlisteart. Lokaliteten er likevel interessant fordi han ligg så langt ut mot kysten.

*Omsyn og skjøtsel:* Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep.

## 29 Grønli: Sandsbekken

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 121-122, 819
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 05.02.2009 basert på eige feltarbeid 11.07.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg ved Sandsbekken i Grønli nord for Melen og nordvest for Gådalsvatnet, rundt 230-270 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar og fattige til intermediære og middelrike bakkemyrer med m.a. bjørneskjegg, duskull, klokkelyng og rome.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det vart funne to små delførekomstar med 2-3 dm<sup>2</sup> mosedekning, men det kan finnast fleire. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne, grønstorr, heiblåfjør, heisiv, heistorr, kornstorr, kvitsymre, kystmyrklegg, loppestorr, mjølbær, rypebær og svarttopp.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 30 Gådalsvatnet nord

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
--------------------------	------

**Posisjon:** MQ 814-824, 124-128  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 11.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 05.02.2009 basert på eige feltarbeid 11.07.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg nord for Gådalsvatnet mot Årøyan. Myra heller mot aust og sør. Høgda er rundt 135-160 meter over havet. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattigmyr og nedbørsmyr (høgmyrkuplar) i eit dels flatt, dels noko hellande landskap. Viktige artar var bjørneskjegg, rome, heisiv, duskull, blåtopp, i høgmyrpartia dvergbjørk, torvull og heigråmose.

*Kulturpåverknad:* Det er grave ein kanal i nord-sør-retning nær vegen i aust, vidare er noko av myrene i nordkant av lokaliteten grøfta. Elles verkar deler av lokaliteten nokså intakt, men har truleg vore nytta til torvtekt tilbake i tid.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast heiblåfjør, heisiv, heistorr, klokkelyng, kornstorr, myrsnelle og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av det er ei større kystmyr (390 dekar) i sørboreal vegetasjonssone med innslag av høgmyr.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan fleire inngrep.

## 31 Vest for Årøyan

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 118-125, 822-825  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** B04 Nordvendte kystberg og blokkmark  
**Utforming:** B0403 Moserik fjellheiotforming  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 15.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 05.02.2009 basert på eige feltarbeid 15.07.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg vest for Årøyan mot Sloppe på nordsida av Melen, rundt 150-300 m o.h. Terrenget heller mot nord. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg, rome, blåtopp, duskull, krekling, klokkelyng og røsslyng. Det finst og fattige til intermediære bakkemyrar.

*Kulturpåverknad:* Området er lite kulturpåverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det vart funne 10 delførekomstar med til saman nærare 90 dm<sup>2</sup> mosedekning over ei strekning på bortimot 700 meter i aust-vest-retning, noko som er ein stor og viktig bestand. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergbjørk, dvergjamne, grønstorr, heiblåfjør, heisiv, heistorr, kornstorr, kvitsymre, kystmyrklegg, lyngaugnetrøst, rypebær og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (gode bestandar) og stivtorvmose *Sphagnum compactum* (den siste bestemt av Kristian Hassel).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 32 Mjølkestølen vest

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 1220 8567  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** D04 Naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 Frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 05.06 og 16.10.2008, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av Geir Gaarder 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 05.06 og 16.10.2008. Lokaliteten er ei naturbeitemark og ligg i Sandblostvågen, inntil austsida av denne. I praksis er det her eit større beitemarksområde, der det meste anten er oppgjødsla og oppdyrka i nyare tid, eller har preg av fuktig, fattig lynghei, medan det i mindre kantsoner er flekkar med noko meir artsrik eng. Det avgrensa arealet er eit slikt parti, med bergknaus/lynghei ovanfor, Sandblostvågen på nedsida og meir oppgjødsla engmark både i nord og sør. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstypar er fuktig/frisk fattigeng (G1/G4) med overgang mot frisk lynghei.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av storfe. Under vitjinga gjekk det 3 store oksar på beite her. Elles ber lokaliteten noko preg av svakt beitetrykk dei seinare åra, slik at denne kantsona er noko prega av gradvis attgroing og dårleg nedbeita eng. Det meste av beitemarksområdet er prega av noko gjødsling og er artsfattig, men det avgrensa delområdet har sannsynlegvis motteke lite gjødsel.

*Artsfunn:* Karplantefloraen er litt mangelfullt undersøkt, men er ikkje særleg rik. Det er primært tale om nokre vanlege naturengplantar som tepperot, gulaks og finnskjegg, men også ein nattfiol (helst grov nattfiol) vart funne, og elles m.a. kystmyrklegg, smalkjempe og storblåfjør. Av størst interesse er sparsam førekomst av beitemarkssopp, og under vitjinga vart det gjort einskilde funn av skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea* og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ein liten restlokalitet i noko svak hevd. Han har likevel framleis klare verdiar, m.a. med førekomst av ein kravfull raudlista beitemarkssopp.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga, og denne må verte noko sterkare enn dei siste par åra om ein skal ta vare på verdiane. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep på og inntil den avgrensa lokaliteten.

### 33 Risestølen vest

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 1278 8625  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** D04 Naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 Frisk fattigeng (90%), D0411 Veksselfuktig baserik eng (10%)  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 05.06. og 16.10.2008, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av Geir Gaarder 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 05.06. og 16.10.2008. Lokaliteten er ei naturbeitemark og ligg langs ein landbruksveg som krysser munningen av

Sandblastvågen mellom Ristestølen og Mjølkestølen. Lokaliteten grenser til vatn mot sør, mot gjerde og attgroande lyngmark i vest, mot plantefelt og dyrka mark i nord, og litt meir diffust mot lyngmark m.v. i aust. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Det er mest fattigeng av fuktig eller frisk utforming her (G1/G4), ofte hardt nedbeita og med lite innslag av urter. Desse er i mosaikk med fattigmyr og fattig, nedbeita lynghei. Ned mot sjøen, særleg i eit parti i vestre del, er det derimot innslag av noko meir urterik engmark, dels overgang mot vekselfuktig blåstorreng og lågurtprega kantsoner med kusymre.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har eit godt beitetrykk av storfe (ammekyr) og ber preg av at det har vore slik i nokre år. Kor mykje som har vore gjødsla her er lite kjent, men truleg er det gjennomgåande lite. Derimot kan det henda at dyra har fått noko tilleggsføring. Restar etter eit naust finst ved sjøen i aust. Det går ein landbruksveg tvers gjennom lokaliteten. Det er også mindre innslag av planta grantre, særleg i kantsonane.

*Artsfunn:* Dei fattige engpartia har typiske naturengplantar som gulaks, finnskjegg, tepperot, engfrytle, markfrytle, storblåfjor og lækjeveronika. I blåstorrenga/lågurtenga veks m.a. blåstorr, loppestorr og kusymre. Fungaen er ganske rik, både ned mot sjøen, på den noko kalkrike enga og delar av dei fattige engpartia ovafor. I alt 20 artar beitemarkssopp vart funne i oktober 2008, inkludert raudlistearane russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT), gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) og raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT). I tillegg kjem noko mindre kravfulle artar som gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, kvit fingersopp *Clavaria falcata*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, krittovokssopp *Hygrocybe virginea*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile*, skjelljordtunge *Geoglossum fallax* og silkeraudskivesopp *Entoloma sericellum*. Det er eit klart potensial for fleire beitemarkssopp her.

*Prioritering:* Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), fordi han er i god hevd, artsrik og har fleire kravfulle artar i låg raudlistekategori. Ein kan ikkje utelukke at supplerande undersøkingar gjev grunnlag for enda høgare verdi.

*Omsyn og skjøtsel:* Beitetrykket er godt og bør stort sett oppretthaldast på dagens nivå, men ein bør vere på vakt ovafor trakkskader, særleg i fuktige periodar, og da helst redusere beitetrykket/ta vekk dyra for ei tid. Ein bør unngå gjødsling, og rydde vekk kratt og småbusker, særleg bjørk og innplanta gran.

### 34 Kvitholmen sør

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 108 892
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark, D06 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.09.2008, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 26.01.2009 basert på eige feltarbeid 24.09.2008. Lokaliteten er ei naturbeitemark og ligg på søre del av Kvitholmen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstypar er fuktig/frisk fattigeng (G1/G4), strandberg (kystbergknapp mm.), og innslag av kystlynghei.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av utegangarsau, og tidlegare kanskje litt gjødsla.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. enghumbleblom, hårsvæve, kystbergknapp, raud jonsokblom og smalkjempe. Det vart elles m.a. notert brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia* og skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, intakt naturbeitemark med funn av einskilde indikatorartar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

### 35 Kvitholmen aust

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 109 893  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** D04 Naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 Frisk fattigeng, D0411 Vekselfuktig baserik eng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 24.09.2008, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 26.01.2009 basert på eige feltarbeid 24.09.2008. Lokaliteten er ei naturbeitemark og ligg på austre del av Kvitholmen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstypar er bergknausar (kystbergknapp mm.) og fuktig/frisk fattigeng (G1/G4). Einskilde planter tyder på baserik grunn, og det er dessutan overgangar til sandstrand og litt nitrofil tarevollvegetasjon som vert gjødsla frå havet.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av utegangarsau, og verka gjødsla i kanten mot dyrka mark ved fyrhusa.

*Artsfunn:* Mest interessant var ein god bestand (fleire hundre planter) av den regionalt sjeldne planten marianøkleblom. Av planter elles vart det notert m.a. enghumleblom, fjørekoll, gulskolm, hanekam, hestehavre, kornstorr, kvitbladtistel, raggtelg, raud jonsokblom, raudkløver, raudknapp, smalkjempe, strandrug og tiriltunge. Det vart elles funne raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT), ein raudlista beitemarkssopp.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, intakt naturbeitemark med funn av fleire indikatorartar og ein raudlistearart. Den gode bestanden av den regionalt sjeldne marianøkleblom gjev lokaliteten ein særleg verdi.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

### 36 Kvitholmen ved fyret

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 1067 8937  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** D04 Naturbeitemark  
**Utforming:** D0411 Vekselfuktig baserik eng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 24.09.2008, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 26.01.2009 basert på eige feltarbeid 24.09.2008. Lokaliteten er ei naturbeitemark og ligg på ytre (nordvestre) del av Kvitholmen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstypar er overgangar mellom vekselfuktig baserik eng, fuktig/frisk fattigeng (G11/G1/G4) og bergknausar (kystbergknapp mm.).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av utegangarsau, og har nokre inngrep i samband med fyr, anlegg og vegar i samband med dette.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av den kalkkrevande beitemarkssoppen brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (VU). Av planter vart det notert m.a. engfiol, jonsokkoll, raudkløver, smalkjempe og vill-lin.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, intakt naturbeitemark med funn av fleire indikatorartar og ein raudlistearart i kategori sårbar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

### **37 Gådalsvatnet sør (supplering)**

**Tidlegare nummer:** BN00042351  
**Posisjon:** MQ 126 805  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr, A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr, A0505 Open intermediær og rik myr i låglandet  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 21.05.2005, GGa (Larsen & Gaarder 2005), 11.07.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er basert på Larsen & Gaarder (2005) og supplert av John Bjarne Jordal 26.01.2009 etter eige feltarbeid 11.07.2008. Lokaliteten ligg på sørsida av veggen inn til det nedlagte bruket Gådalen, sør for Gådalsvatnet. Her er det eit flatt parti med en del fattig fastmattemyr og innslag av nedbørsmyr med opptil 1,5 meter høge torvtuver, og dessutan eit par bekkesig som kjem ned frå smådalane rundt. I tillegg finst ei lita grunn tjørn og litt småvaksen lauvskog. Myra heller svakt mot nord-nordaust. Høgda er rundt 135-160 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonssesjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattigmyr, mest fastmatte, men og ein god del mjukmatte, og i dei flataste partia finst innslag av tuvet nedbørsmyr. Myrene nær tjørna er for det meste intermediære. I tjørna er det sivbelte rundt, og litt langskottvegetasjon ute i vatnet. I tillegg er det innslag av rikmyr lokalt i nedre deler av lisidene. I 2008 vart det dessutan påvist rikmyr i eit nokså svakt hellande parti ved MQ 1273 8060. Det er og innslag av fuktig kystlynghei opp mot skogen.

*Kulturpåverknad:* Sannsynlegvis har det vore ein del påverknad tidlegare i form av slått og beite, medan det ikkje vart sett spor etter t.d. grøfting. Det har vore noko jordbearbeiding i aust, men dette arealet er ikkje tatt med i lokaliteten. No for tida ser lokaliteten stort sett ut til å få liggja i fred. Status for beiting i dag er uvisst.

*Artsfunn:* Ute i vatnet og i vasskanten vart artar som vanleg myrklegg, flaskestorr, elvesnelle, myrhatt og tjørnaks påvist. I myr, sumpar og små flommarksenger vart det notert litt næringskrevande artar som sumphaukeskjegg, myrtistel, bekkeblom, blåknapp, sløkje, kornstorr og mjødurt. I rikare myrsig nedst i lisida vart det funne artar som skavgras, gulsildre, svarttopp og fjelltistel. Strengstorr vart funnen i 2008, han er uvanleg å finna så nær kysten (MQ 12680 80597). Av andre artar registrerte i 2008 kan nemnast bjørnebrodd, breiull, grønstorr, heisiv, hundekvein, kornstorr, kvitsymre, loppestorr, myrfrytle, myrsnelle og vendelrot. Av fugl vart det i 2005 sett ei gråhegre (næringssøk) og skremt opp ein enkeltbekkasin. Ein blåstrupe hann vart høyrst syngande like utanfor lokaliteten, langs et bekkesig ned mot Gådalsvatnet.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit større areal intakt kystmyr. Elles skal rikmyr under skoggrensa ha same verdi.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag, og spesielt grøfting er negativt. Litt rydding av skog og kratt for å halda landskapet ope er positivt. Ekstensivt husdyrbeite er truleg og positivt.

### **38 Gådalen: Fosslia (supplering)**

**Tidlegare nummer:** BN00042352  
**Posisjon:** MQ 123 803

<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0402 Sørleg oseanisk utforming
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.05.2005, GGa (Larsen & Gaarder 2005), 11.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er basert på Larsen & Gaarder (2005) og supplert av John Bjarne Jordal 27.01.2009 basert på eige feltarbeid 11.07.2008. Lokaliteten er eit bratt, nordvendt berg- og skogområde med ein foss som ligg like sør for Gådalen, kalla Fosslia (under Bolliklumpen). Høgda er rundt 220-320 meter. Her står det til dels frodig, men ikkje særleg storvaksen lauvskog. Det er tendensar til små rasmarker i overkant av skogen, og ein del små og halvstore opne bergvegger ovanfor. Ut frå berggrunnskartet skal det ikkje vera spesielt rik berggrunn her, men fleire artsfunn indikerer likevel dette. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Terrenget forårsakar ein oppstykkta vegetasjon. Dels er det høgstaudebjørkeskog, og dels fattigare bjørkeskog i lia. I rasmarka er det tendensar til opne høgstaudeenger. Berghamrane har ulike artar knytt til både skog, opne bergveggar og dessutan myrplanter i fuktig.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita. Husdyrbeitet har opphøyrtd no. Det har truleg vore hogd noko lauvskog her før, sidan trea ikkje verkar utprega gamle og innslaget av dautd trevirke ikkje er særleg stort.

*Artsfunn:* Av størst interesse er sparsam førekomst av eit par utprega oseaniske artar som kystmaigull og hinnebregne, som begge er sjeldne i regionen og her er nær nordgrensa si. Dessutan vart raudlistearten kvitkurle (VU) funnen i 2005. Karplantefloraen er generelt rik og nokså variert. Det er særleg tale om artar knytt til rik fjellvegetasjon og rikmyr, som raudsildre, bjørnebrodd, taggbregne, gulsildre, fjelltistel, fjellsmelle, gulstorr, svarttopp, loppestorr, bergfrue, hårstorr, truleg brudespore (NT) og dvergjamne. I 2008 vart det og notert enghumbleblom, fjellfrøstjerne, fjellsyre, grønkurle, grønstorr, harerug, kvitsoleie, kvitsymre, myrsauløk, rabbesiv, rosenrot, setergråurt, skogfiol, skogmariland, skogrøyrkvein, skogsnelle, skogstorkenebb, småengkall, småtviblad, småvier, sumphaukeskjegg, svartstorr, turt, tågebær og vendelrot. Av suboseaniske mosar vart det funne heimose *Anastrepta orchadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata* og dronningmose *Hookeria lucens*.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) sidan eit par regionalt sjeldne og kravfulle oseaniske artar er påvist, og det dessutan er eit generelt artsrikt område med mange basekrevande artar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Høgst av tre inntil berggrota bør og unngåast.

## Fræna

### 39 Sloppe

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 111-114, 822-828
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15. og 18.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 26.01.2009 basert på eige feltarbeid 15. og 18.07.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg i dei nordvendte hellingane mot Sandbløst nord for Melen, rundt 220-350 m



o.h., i eit stort sett skoglaust terreng. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar og fattige til middelsrike bakkemyrer med m.a. bjørneskjegg, rome, krekling, røsslyng, blokkebær, blåtopp, dvergbjørk og tepperot. Elles førekjem rike sig og små rikmyrflekke.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det vart funne 5 delførekomstar med til saman 7-8 dm<sup>2</sup> mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, dvergbjørk, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, greplyng, grønstorr, gulsildre, harerug, heiblåfjør, heisiv, heistorr, kornstorr, lappvier, loppstorr, rypebær, skogsiv og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Den siste vart funnen mange stader.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 40 Kyrhaugmyrene

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 103-110, 830-837
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.07.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 26.01.2009 basert på eige feltarbeid 18.07.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg sør for Skottenstupet ved Sandbløst. Myra heller mot nord og nordaust. Høgda er rundt 220-300 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av ei blanding av nedbørsmyr (atlantisk høgmyr) og fattigmyr, som har ein del variasjon i form av tuverike parti. Viktige artar var m.a. bjørneskjegg, røsslyng, dvergbjørk, krekling, torvull, duskull, blåtopp, rome, heisiv, rypebær og klokkelyng.

*Kulturpåverknad:* Myrene har truleg vore utnytta til torvtekt, men dette er ikkje særleg påfallande i dag. Myrene har eit relativt intakt preg. Status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast dvergjamne, grønstorr, heistorr, hundekvein, kjeldemjølke, kjeldeurt, kornstorr, kystmaigull (i fattigkjelde), skavgras, skogsnelle, stjernesildre, særbustorr. Av mosar kan nemnast grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, storstylte *Bazzania trilobata*, småstylte *Bazzania tricrenata*, kysttvibladmose *Scapania gracilis* og raudmuslingmose *Mylia taylorii*.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er eit større myrområde (480 dekar) over sørboreal vegetasjonssone, som ikkje kan seiast å liggja i eit pressområde, men som inneheld parti med atlantisk høgmyr i mosaikk med minerotrofe myrar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 41 Sør for Skavatnet

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 103-104 822-823
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	C01 Kalkrike område i fjellet
<b>Utforming:</b>	

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 18.07.2008 JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 26.01.2009 basert på eige feltarbeid 18.07.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen kalkrike område i fjellet og ligg på sørsida av Skavatnet, i høgdelaget 310- ca. 360 m o.h. Området ligg i eit skoglaust landskap og bør truleg helst reknast til lågalpin vegetasjonssone og ligg dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen inneheld ein del rikmyr og rike sig, i mosaikk med tørrare og magrare knausar og grunnlendte rabbar. Det er eit skjønsspørsmål om ein fører dette til hovudnaturtype fjell eller myr, sidan heile landskapet er skoglaust. Ein har velt fjell sidan mange av dei basekrevande plantene er fjellplanter.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, blankstorr, engstorr, firkantperikum, fjellaugnetrøst, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, grønstorr, gulsildre, harerug, heisiv, heistorr, hårstorr (stor bestand), kornstorr, kvitsymre, lappvier, loppestorr, nebbstorr, raudsildre, rukkevier, rypebær, småengkall, stivstorr, stjernesildre, sumphaukeskjegg, svarttopp og særbustorr. Av mosar kan nemnast pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, kammose *Ctenidium molluscum* og raudmuslingmose *Mylia taylorii*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at han er middels artsrik i høve til kalkkrevande fjell- og myrplanter.

*Omsyn og skjøtsel:* Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep.

### **42 Sør for Sjurvasselva**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 0912 8363  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** C01 Kalkrike område i fjellet  
**Utforming:** C0104 Bergknaus og rasmark  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 18.07.2008 JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2009 basert på eige feltarbeid 18.07.2008. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen kalkrike område i fjellet og består av nordvendte bergknausar i ei bratt fjellside aust for Sjurvarden og på sørsida av Sjurvasselva sør for Stemshesten, i høgdelaget ca. 400-420 m o.h. Området bør truleg reknast til lågalpin vegetasjonssone og ligg dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Lokaliteten kan delvis førast til bergsprekk og bergvegg, baserik utforming, men har og rike sig.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. aksfrytle, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjellssyre, grønstorr, gulsildre, harerug, loppestorr, rabbesiv, raudsildre, rosenrot, skjørlok, stjernesildre, svartstorr og trillingsiv. Noko uventa var det å finna skjørbuksurt oppe i berget.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt artsfattig lokalitet i høve til kalkkrevande fjellplanter.

*Omsyn og skjøtsel:* Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep.

### **43 Sleppskardet**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 095-098, 748-750

**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** B04 Nordvendte kystberg og blokkmark  
**Utforming:** B0403 Moserik fjellheiotforming  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 07.10.2007, KH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 22.01.2009 basert på feltarbeid av Kristian Hassel 07.10.2007 og opplysningar motteke frå same person. Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg like nord for Sleppskardet nordaust for Langvatnet, rundt 360-500 m o.h. Det er to hovedførekomstar av torntvibladmose, den eine og største nord i lokaliteten og den andre og minste i sør. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er fattige oseaniske fuktheiar med m.a. finnskjegg og noko krekling, og overgang til tidleg utsmelta snøleie. Den sørlegaste torntvibladmose-førekomsten hadde steinrik blokkmark med overgang til fjellhei, og også med innslag av reinrosehei.

*Kulturpåverknad:* I sjølve lokaliteten er kulturpåverknaden liten, men i nærområda nedanfor er det ulike inngrep i samband med kalksteinsutvinning. Dette har truleg redusert bestandane av torntvibladmosen, og han var derfor ein periode rekna for å vera utrydda (Hassel et al. 2000). Lokaliteten har vore beita.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR) som hadde to hovudførekomstar, ein liten i sør og ein større i nord. Det vart funne 14 delførekomstar i høgdelaget 378-484 m o.h. Første funnet av torntvibladmose i Noreg vart gjort i dette området (lågare ned, i høgdelaget 220-320 m o.h.) av språkforskaren og hobby-bryologen Albert LeRoy Andrews i 1907 (Andrews 1919), og seinare av E. Jørgensen i 1921 og 1931 (Jørgensen 1934). Av planter vart det notert m.a. reinrose i sørlege delen. Det vart elles m.a. notert følgjande mosar: prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, småstylte *Bazzania tricrenata*, heigråmose *Racomitrium lanuginosum*, blodnøkkemose *Warnstorfia sarmentosa*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, stivtorvmose *Sphagnum compactum*, snømose *Anthelia* sp. og mattehutmose *Marsipella emarginata*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### 44 Raudtuva søraust (skog)

**Tidlegare nummer:** BN00024743  
**Posisjon:** MQ 077-079 768  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F12 Kystfuruskog  
**Utforming:**  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.10.2008, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 23.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.10.2008. Lokaliteten er ein austvendt kystfuruskog som ligg vest for Frelsvatnet, og omfattar m.a. ein bekkedal og diverse svaberg. Høgda er rundt 100-200 meter. Området ligg mest i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av glissen og lågvaksen kystfuruskog med røsslyng, vegetasjonsfattige svaberg med mosematter i kantane og ein fuktig bekkedal som og har frodige mosematter og fuktkrevande planter.

*Kulturpåverknad:* Det vart ikkje observert særleg gamle furutre. Området har vore beita, men status for beiting i dag er uviss.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast skogfiol og heistorr. Det vart elles m.a. notert gullhårmose *Breuthelia chrysocoma*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, begge i gode bestandar. Prakttvibladmose vart registrert i store matter heilt ned til 112 meter over havet som er det lågaste ein har registrert i distriktet. Gullhårmose er her på nordgrensa av utbreiinga si, og hadde overraskande gode bestandar. Andre mosar var raudmuslingmose *Myliia taylorii* og pelssåtemose *Campylopus atrovirens*. Dessutan vart gul trompetkantarell *Cantharellus aurora* observert.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ein kystfuruskog med kravfulle oseaniske moseartar, m.a. er gullhårmose her på nordgrensa si med ein god bestand.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### **45 Raudtuva søraust (hei)**

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 067-077, 767-770
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.10.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 23.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.10.2008.

Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg søraust for toppen av Raudtuva, vest for Frelsvatnet, rundt 200-400 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome. Det er og innslag av fattige til middelsrike bakkemyrer.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, fagerperikum, greplyng, grønstorr, gulsildre, heiblåfjør, heisiv, heistorr, hundekvein, kattefot, knegras, kornstorr, kystmyrklegg, loppestorr, rypebær, skogfiol og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande mosar: heimose *Anastrepta orchadensis*, storstylte *Bazzania trilobata*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, raudmuslingmose *Myliia taylorii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Dessutan vart skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea* observert.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein velutvikla utgåve av moserik fjellheutforming av nordvendte kystberg og blokkmark, med fleire kravfulle oseaniske artar, m.a. prakttvibladmose (som er nær nordgrensa si), men ingen raudlisteartar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### **46 Raudtuva aust**

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 068-069, 772-774
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.10.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 23.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.10.2008.

Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg

like aust for toppen av Raudtuva, i ei nord- og austvendt gryte, rundt 250-420 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome. Det er og innslag av fattige til middelsrike bakkemyrer og sig.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR), som berre vart funnen ein stad (lokaliteten er ikkje godt undersøkt). Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergbjørk, dvergjamne, fjellburkne, fjelltistel, grønstorr, gulsildre, heisiv, heistorr og kattefot. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* og raudmakkemose *Scorpidium revolvens*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista. Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide og Fræna.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## 47 Flatmark-Hoksneset

<b>Tidlegare nummer:</b>	NY, men omfattar BN00020250 som går ut (Jordal 2005)
<b>Posisjon:</b>	MQ 034 853
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark (30%), D07 kystlynghei (40%), anna areal (30%)
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng, D0703 Fuktig lynghei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.09.2008, JBJ, 26.10.2008, G. Gaarder

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av Geir Gaarder 10.01.2009 basert på eige feltarbeid 26.10.2008 og supplert med informasjon av John Bjarne Jordal basert på eige feltarbeid 26.09.2008 (henta frå to notat til Asplan Viak i samband med reguleringsplan). Lokaliteten omfattar ytre deler av neset utanfor Flatmark ved Farstad, ut mot Hustadvika. Lokaliteten grensar til og overlappar delvis med ein registrert naturtypelokalitet med havstrandvegetasjon i Rotvika i nordaust. Mot vest og sør dannar sjøen ei klar grense. Innover mot gardsbruk og busetnad i aust er det ei litt diffus og uregelmessig grense mot gradvis meir påverka kulturmark. Naturbeitemark er her velt som naturtype, sidan han vert vurdert som mest verdifull, men det førekjem og noko kystlynghei. I tillegg er det av arronderingmessige årsaker og inkludert noko meir oppgjødsla engmark i lokaliteten, særleg i austre deler. Naturbeitemark førekjem flekkvis, særleg i ei sone ovanfor stranda/strandberga, medan kystlynghei dominerer oppe på knausane. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Det meste av naturbeitemarka ser ut til å vera friske fattigenger med artar som finnskjegg, gulaks og tepperot, men nær husa på Hogsneset har Jordal (2005) tidlegare kartlagt eit mindre areal med kalkrike dunhavre- og blåstorr-enger (truga vegetasjonstype).

*Kulturpåverknad:* Dette er ein del av eit gammalt kulturlandskap, men hevdan har variert ein del i nyare tid. Utan tvil har ein del vore noko gjødsla, ikkje minst dei flatare partia nær busetnaden på Hogsneset og vidare innover mot Flatmark. Derimot er det grunn til å gå ut frå at partia med kystlynghei og grasengene som ligg inneklemt mellom dei og stranda har fått tilført lite eller kanskje ikke noko gjødsla i det heile. I ein lengre periode på slutten av 1980-tallet og utover 1990-tallet var området utan hevd og i attgroing, noko som medførte forholdsvis lav verdisetting av naturkvalitetane her (Jordal 2005). Dette endra seg etter 2005 og hevdan framstår no som relativt god, med bruk av utegangarsau og dels hest. Grasengene ber preg av god nedbeiting, og det har og blitt brent litt lyng lokalt.

*Artsfunn:* Jordal (2005) listar opp følgjande artar fra den vesle kalkrike enga nær husa på Hogsneset: blåstorr, dunhavre, gjeldkarve, gulmaure, hestehavre, kornstorr, loppestorr, raudknapp, smalkjempe, småengkall og særbustorr. I tillegg er i alt 22 artar beitemarkssopp funne i 2008. Dette inkluderer også

raudlisteartene raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT), musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT) og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT). Det er eit potensiale for fleire beitemarkssopp her, også raudlisteartar. Sannsynlegvis har området og ein viss verdi for fuglelivet, ikkje minst ulike artar av våtmarksfugl som kan nytta området til matleting og delviss hekking.

*Prioritering:* Lokaliteten har ein klar verdi som viktig - B. Han er ganske stor, er for tida i god hevd og har eit rikt artsmangfald knytt til gamle kulturlandskap, inkludert fleire raudlisteartar. Det kan ikkje utelukkast at fortsatt god hevd og betre undersøkingar gjev grunnlag for høgare verdi, men mangel på funn av høgt raudlista artar og ein lengre periode uten hevd medfører at verdien så langt ikkje vert sett høgare.

*Omsyn og skjøtsel:* Naturverdiane er i stor grad avhengig av at ein kombinasjon av tradisjonell bruk og elles litan påverknad vert vidareført. Det mest negative vil vera direkte fysiske inngrep og omfattande forsøpling, men for fuglelivet vil også forstyrning vera uheldig. Framhald i hevd av beitemarker og kystlynghei med beitande husdyr er positivt og viktig, både for fuglelivet og floraen.

## 48 Rotvika

<b>Tidlegare nummer:</b>	NY, men omfattar Hoksneset BN00020249 som går ut (brakkvassdam, Jordal 2005)
<b>Posisjon:</b>	MQ 038 853
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand
<b>Naturtype:</b>	G05 Strandeng og strandsump (40%), G06 tangvollar (10%), G02 Undervasseng (20%), I05 Pollar (10%)
<b>Utforming:</b>	G0503 Hevda med beite, G0603 Fleirårig gras/urtetangvoll
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.07.2004, JBJ (Jordal 2005), 16.06.2008, H. Bratli, G. Engan, G. Gaarder & R. Halvorsen, 26.10.2008, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av Geir Gaarder 08.01.2009 basert på Jordal (2005) og eige feltarbeid seinast 26.10.2008 (henta frå eit notat frå Miljøfaglig utredning til Asplan Viak). Lokaliteten omfattar ei delvis avsnørt bukt (Rotvika) utanfor Storholmen i Fræna kommune, med tilhøyrande strandenger og –sumpar. Lokaliteten grensar til og overlappar med verdifulle naturbeitemarkslokalitetar både i nordaust (Storholmen-Taksneset) og sørvest (Flatmark-Hogsneset). I søraust er det litt diffus grense mot gjengroande engmark og lynghei. I nordvest er det ei diffus grense mot meir eksponert kyst og gruntvassområde ut mot Hustadvika. Strandeng og strandsump er her velt som naturtype, sidan han vert vurdert som mest verdifull, men det er tale om eit noko variert og komplekst havstrandmiljø med ulike kvalitetar. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). *Merknad:* Brakkvassdam–lokaliteten Farstad: Hoksneset (BN00020249) hos Jordal (2005) er inkludert i denne nye lokaliteten og går derfor ut som sjølvstendig naturtypelokalitet.

*Vegetasjon:* Strandeng, strandsump og strandberg opptre i ei sone med varierende breidd rundt heile bukta, med mest strandsumper i indre deler og meir strandeng i ytre. I sørvest er det ein tidligere registrert brakkvassdam (Jordal 2005). Relativt velutvikla tangvollar opptre i strandsona både aust for denne brakkvassdammen, og ytst på Taksneset (somme parti hamnar dels utanfor avgrensa lokalitet og inn i beitemarkslokaliteten der).

*Kulturpåverknad:* Området vart i 2008 beita av m.a. utegangarsau og hest. Dette er ein del av eit gammalt kulturlandskap, men som i relativt liten grad er påverka av meir moderne inngrep. Beitemarker og lyngheier, delvis i hevd og delvis i attgroing ligg rundt bukta. Av fysiske inngrep førekjem berre einskilde enkle gjerde, pluss at et par grøfter munnar ut i bukta i indre deler.

*Artsfunn:* Jordal (2005) nemner småhavgras fra brakkvassdammen i sørvest, ein mindre vanleg art i regionen. Eit lite bestand av nordlandsstorr er funnen i strandenga i aust, ein regionalt svært sjeldan art som ellers knapt er påvist på kysten i fylket. Tangvollane i nord er relativt artsrike og her inngår mindre vanlege artar som kjeldegras (NT). Strandeng- og strandsumpfloraen er ikke fullstendig kartlagt, men omfattar ei rekkje typiske artar som bekkeblom, bogestorr, fjøresaltgras, fjøresauløk, hanekam, hestehavre, kjeldeurt, strandkvann, myrsauløk, pølstorr, saftstjerneblom, shetlandsaugnetrøst,

skjørbuksurt, strandbalderbrå, strandkjeks og strandkryp. Det er gjort fleire funn av beitemarkssopp tilknytt beitemarkene i området, men desse vert omtala under kulturlandskapslokalitetane, sjølv om einskilde funn hamnar innanfor denne lokaliteten. Elles er det eit relativt rikt fugleliv her året rundt. Lokaliteten har funksjon både som hekke-, raste- og overvintringslokalitet. Han er noko mangelfullt undersøkt, men fleire gåse-, ande- og vadararter er påviste.

*Prioritering:* Lokaliteten har en klar verdi som viktig - B. Lokaliteten er ganske stor, variert og lite påverka, samtidig som han inneheld klare kvalitetar knytt til ulike typar havstrandmiljø, inkludert fleire regionalt sjeldne og/eller raudlista artar. Verdien vert styrka av at han ligg i direkte kontakt med verdifulle kulturlandskapsmiljø.

*Omsyn og skjøtsel:* Naturverdiane er i stor grad avhengig av at ein kombinasjon av tradisjonell bruk og elles litan påverknad vert vidareført. Det mest negative vil vera direkte fysiske inngrep og omfattande forsøpling, men for fuglelivet vil også forstyrning vera uheldig. Framhald i hevd av beitemarker og kystlynghei med beitande husdyr er positivt og viktig, både for fuglelivet og floraen.

### **49 Sør for Farstadberget**

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 053 843
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.10.2008, GGa

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av Geir Gaarder 08.01.2009 basert på eige feltarbeid 26.10.2008.

Lokaliteten ligg sør for Storholmen, i retning Farstad, og omfattar eit større restområde med meir eller mindre intakt kystmyr, omgjeven av vegen i nord og grøfter og dyrkingsfelt på dei andre kantane. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Det er i første rekkje tale om nedbørsmyr, oftest ganske tuvet og stadvis med djupe erosjonsfurer. Fattigmyr finst i kantsoner mot fattig fukthei og i små sig. Intermediære artar finst berre svært sparsamt.

*Kulturpåverknad:* Spor etter tidlegare torvuttak er utbreidd på myra, og større, samanhengande areal med djup myr manglar no. Det går i tillegg ei litt større grøft inn sentralt frå nord, og det er der eit parti med noko innslag av lågvaksne lauvtre. Kanskje har det her vore forsøk på oppdyrking for lenge sidan.

*Artsfunn:* Ingen spesielle artar vart påvist, berre ordinære myr- og heiartar typiske for fattige miljø.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdien viktig – B, sidan det er tale om eit samla areal på rundt 530 dekar med kystmyr som ikkje er heilt intakt, men likevel har mange typiske trekk.

*Omsyn og skjøtsel:* Fysiske inngrep bør så langt råd unngåast for å ta vare på naturverdiane. Unntaket er fjerning av tre og lukking av grøfter, som vil vera positivt.

### **50 Nordvest for Hustad leir**

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 051 836
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.11.2008, Rein Midteng, Asplan Viak

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av Rein Midteng 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 03.11.2008 og redigert av J.B. Jordal. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg om lag 400 meter nordvest for Hustad leir. Myra er omlag plan. Høgda over havet er rundt 25 meter. Myra er nokså tuvet og stadvis med djupe erosjonsfurer. Det finst eit fåtal mindre vassansamlingar på myra (små vassfylte pyttar). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området er dominert av nedbørsmyr i mosaikk med fattigmyr, med ein del tuver. Røsslyng og rome er dominerande artar. Det finns litt lågvaksen lauvskog i kantane (bjørk).

*Kulturpåverknad:* Det har truleg vore teke ut ein del torv. T.d. er nivået på myra i nordaust ein del lågare enn på resten av arealet. Det går i tillegg ei litt større grøft inn sentralt frå vest, og det er der eit parti med noko innslag av lauvtre og gran. Området er avgrensa mot naboeigedommar som er sterk prega av oppdyrking, attgroing (gran) og og veg i nord.

*Artsfunn:* Det vart ikkje funne spesielt interessante artar, forutan at takrør vart påvist i utkanten av myra i nordaust, berre ordinære myr- og heiarart typiske for fattige miljøer vart obserterte.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at myra i relativt liten grad har vorte påverka av grøfting, torvtekt og granplanting, er over 50 dekar (87 dekar, sørboreal sone) og har innslag av nedbørsmyr.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## **51 Nord for Hustad leir**

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 056 837
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.11.2008, Rein Midteng, Asplan Viak

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av Rein Midteng 22.01.2009 basert på eige feltarbeid 03.11.2008 og redigert av J.B. Jordal. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg om lag 300 meter nord for Hustad leir. Myra er omlag plan. Høgda over havet er rundt 25 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Det finst eit fåtal mindre vassansamlingar på myra (små vassfylte pyttar). Einskilde av desse stammar truleg frå gammal torvtekt.

*Vegetasjon:* Området er dominert av nedbørsmyr i mosaikk med fattigmyr, med ein del tuver. Røsslyng og rome er dominerande artar. Det finns litt lågvaksen lauvskog i kantane (bjørk).

*Kulturpåverknad:* Det er truleg tatt ut noko torv i området for lang tid sidan. Det vart omtrent ikkje observert gran på myra, berre ei lita sitkagran. Området er skarpt avgrensa mot naboeigedommar som er sterk prega av oppdyrking, attgroing (gran) og fersk grøfting.

*Artsfunn:* Det vart ikkje funne spesielt interessante artar.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi C (lokalt viktig) på grunn av at myra i relativt liten grad har vorte påverka av grøfting, torvtekt og granplanting, men er under 50 dekar (34 dekar, sørboreal sone).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Ein bør også fjerne det som er av gran da grana på sikt er ein trussel mot verdiane.

## **52 Taksneset (supplering)**

<b>Tidlegare nummer:</b>	BN00020245
<b>Posisjon:</b>	MQ 038-144, 855-857
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei, G05 Strandeng og strandsump



<b>Utforming:</b>	D0411 Vekselfuktig baserik eng, D0703 Fuktig lynghei, G0503 Hevda med beite
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.09.1992, JBJ (Jordal & Sivertsen 1992), 27.07.2004 og 24.09.2004, JBJ (Jordal 2005), 24.09.2008, JBJ (Jordal 2008), 16.06.2008, H. Bratli, G. Engan, G. Gaarder & R. Halvorsen, 26.10.2008, GGa (Gaarder 2009)

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av JBJ 27.01.2009 basert på eige feltarbeid 27.09.1992, 27.07.2004 og 24.09.2004 (Jordal 2005) pluss 24.09.2008 (Jordal 2008), og dessutan feltarbeid av Geir Gaarder m. fl. 16.06. og 26.10.2008 (Gaarder 2009). Undersøkingane i 2008 var på oppdrag av Asplan Viak i samband med planer om golfbane mm. Lokaliteten ligg på halvøya mellom Taksneset/Rotvika i vest og Storholmen (Hustadvika gjestegard) i aust og ligg mindre enn 10 meter over havet. Dei nordlege delene ut mot sjøen består av bergknausar. I indre del av desse berga ligg det meste av naturbeitemarka, særleg rundt Andersvika. Sørfor der, dvs. mesteparten av halvøya, består av ulike heitypar. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Mykje av arealet (70-80%) er overgangar mellom fuktig kystlynghei og kalkfattig fukteng med finnskjegg (G1), resten er m.a. frisk fattigeng (G4) og små areal med kalkrike enger, dels med blåstorr (truga vegetasjonstype).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var beita av storfe i 1992, i 2004 av 15-20 utegangarsauer inngjerda av straumgjerde. Området verka lite beita og ute av hevd hausten 2008.

*Artsfunn:* Av planter er det m.a. funne (2004) bakkeveronika, bitterbergknapp, blåklokke, blåkoll, blåstorr, enghumleblom, gjeldkarve, gulmaure, jåblom, karve, knegras, marinøkkel (NT), myrklegg, raudknapp, småengkall, og dessutan vart bogestorr, dvergjamne, hårstorr, kjeldegras (NT), kjeldeurt, loppestorr, rustsivaks, shetlandsaugnetrøst og tiggarsoleie funne som nye artar i 2008. Av sopp er det totalt kjent 46 beitemarkssopp i lokaliteten etter 2008-sesongen, av desse 12 raudlisteartar (men 2 av desse er usikkert bestemt). Det er funne 19 vokssoppartar og ein varietet, noko som er uvanleg mykje. Dei registrerte raudlisteartane er ramneraudskivesopp *Entoloma corvinum* (NT), semska raudskivesopp *Entoloma cf. jubatum* (NT), *Entoloma pratulense* (NT), *Entoloma queletii* (VU), rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum* (NT), trolljordtunge *Geoglossum cf. simile* (NT), musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT), russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT), mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (NT) og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU). Andre beitemarkssopp var m.a. gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, raudgul småkøllesopp *Clavulinopsis laeticolor*, *Entoloma cf. scabrosum*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, lutvokssopp *Hygrocybe nitrata*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, brunaugevokssopp *Hygrocybe virginea* var. *fuscescens* og brunkanthette *Mycena olivaceomarginata*.

*Prioritering:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er eit velutvikla, variert og artsrikt kystkulturlandskap med både naturbeitemark (viktigast for artsmangfaldet), kystlynghei, og beita strandenger med mange raudlisteartar og ei rekkje andre indikatorartar. Det er lite intakte område att av denne typen kulturlandskap på Hustadvika. Det meste elles er i attgroing. Området Hoksneset-Storholmen er framleis eit av dei mest opne og trefattige områda på Hustadvika.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan fysiske inngrep, men beiting er viktig. Området må beitast nokså kontinuerleg for at naturverdiane skal bevarast, men gjødsling og tilleggsforing i lokaliteten bør unngåast.

## Gjemnes

### 53 Fursetfjellet nord

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 285-286 681-683
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr

**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0803 Jordvassmyr  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 26.06.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 26.06.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde av typen kystmyr som ligg på vestsida av riksvegen nordvest for Fursetsetra. Myra heller svakt mot nord. Høgda er rundt 200-220 meter o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattige bakkemyrer dominert av bjørneskjegg, rome og pors. Det er mest fastmatte, men og litt mjukmatte. Det er svakt innslag av intermediær myr med einkilde basekrevande planter. Det var og ein liten myrдам.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar i aust mot riksvegen og i nord mot eit dyrkingsfelt. Den gamle vegen opp frå Furset går og gjennom området. Området verka lite beita i 2008.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast blærerot-art, breiull, bukkeblad, kornstorr, kvitsymre, kystmyrklegg, særbustorr og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystmyr over sørboreal vegetasjonssone i eit område som kanskje ikkje kan kallast pressområde.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### **54 Fursetfjellet: Oførlia**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 275-283, 676-678  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediær og rik myr i låglandet  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 26.06.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 26.06.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg vest for riksvegen over Fursetfjellet, mellom Oførelva og Middagshaugen. Myra heller mot aust-søraust. Høgda er rundt 280-380 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av relativt artsrik intermediær og middelsrik fastmattemyr, men det finst og fattige myrer.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita. Det vart observert einkilde gaddar og vindfall av furu og bjørk. I nedre (austre) deler grensar lokaliteten mot eit grøfta granplantefelt.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, bukkeblad, engmarihand (NT, 6 planter), fjelltistel, heiblåfjør, kornstorr, kvitsymre, kystmyrklegg, myrsauløk, nattfiol, nebbstorr, storblåfjør, stortviblad, svarttopp, særbustorr og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei rikmyr under skoggrensa, som og har fleire basekrevande orkidéar, mellom desse ein raudlistear.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### **55 Fursetfjellet: vest for Middagshaugen**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 274-275 679-682  
**Hovudnaturtype:** Myr

**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:**  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 26.06.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 26.06.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg vest for Middagshaugen på nordlege del av Fursetfjellet. Myra heller mot nord. Høgda er rundt 380-400 meter. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (men over eksisterande skoggrense) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området har ei blanding av fattig, intermediaær og middelsrik fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, kvitsymre, kystmyrklegg, myrkråkefot, nattfiol, sivblom og svarttopp. Det vaks ein god del nattfiol i lokaliteten.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt artsfattig rikmyr over eksisterande skoggrense.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### **56 Fursetfjellet: sør for Oførelva**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 274 675  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediaær og rik myr i låglandet  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 26.06.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 26.06.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg sør for Oførelva på vestsida av Fursetfjellet. Myra heller mot aust-nord aust. Høgda er rundt 320-400 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av ein mosaikk av fattig, intermediaær og middelsrik fastmattemyr, med spreidd buskas og skogkrullar av bjørk. Det finst breiull mange stader.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, dvergbjørk, fjelltistel, gulstorr, kornstorr, kvitsymre, kystmyrklegg, myrsauløk, nattfiol, svarttopp, sveltull, særbustorr og trådstorr.

*Prioritering:* Lokaliteten er under litt tvil gjeve verdi B (viktig) på grunn av at han inneheld intakt rikmyr under skoggrensa.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

#### **57 Fursetfjellet: Middagshaugen**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 280 679  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:**  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.09.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.09.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg i skoggrensenivå på austsida av Middagshaugen på Fursetfjellet. Myra heller mot søraust. Høgda er rundt 380 meter. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av middelsrik fastmattemyr med ein del breiull over eit mindre område.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, fjelltistel, grønstorr, jåblom, kornstorr, sumphaukeskjegg, svarttopp og trådstorr.

*Prioritering:* Lokaliteten er gjeve verdi C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B, det er ei lita rikmyr i skoggrensenivå.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 58 Raudheia nord

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 262-276, 682-691
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.09.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.09.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg i ei nord- og nordausthellande fjellskråning over eksisterande skoggrense på nordsida av Raudheia på Fursetfjellet, med utsikt mot Åndal, rundt 350-500 m o.h. Området ligg truleg i mellomboreal til lågalpin vegetasjonssone og truleg klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2), sjølv om det finst innslag av oseaniske artar som prakttvibladmose.

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome. Det er og innslag av fattige til intermediære bakkemyrer.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, dvergbjørk, dvergjamne, kystmyrklekk, musøyre, myraugnetrøst, rypebær og stivstorr. Det vart elles m.a. notert følgjande mosar: heimose

*Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (ca. 10 dm<sup>2</sup>, MQ 27007 68519, 445 m o.h.). Saman med Kloppafjellet i Molde (lenger vest) synest dette å vera innergrense for prakttvibladmose i distriktet. Dessutan vart det funne blåstilka raudskivesopp *Entoloma asprellum* og myrjordtunge *Geoglossum sphagnophilum*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at han har eit litt utarma mangfald av oseaniske levermosar over det meste av området, og berre ein liten flekk med prakttvibladmose vart funnen.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 59 Fursetfjellet, nord for Oførelva

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 2847 6796
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	F08 Gammal barskog
<b>Utforming:</b>	F0802 Gammal furuskog
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, hogst  
**Undersøkt/kjelder:** 16.09.2008, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.09.2008. Lokaliteten består av eit lite område med eit uvanleg stort furutre som ligg ca. 245 meter over havet på nordsida av Oførelva vest for riksvegen over Fursetfjellet. Det er regionalt uvanleg med så store furutre. Diameteren var ca. 1,6-1,8 meter. Fleire grove greier har tørka og ramla av. Dette er potensielt substrat for kravfulle vedbuande soppartar. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området har blandingsskog av bjørk og furu med ei blanding av blåbær- og sølvbunkedominans.

*Kulturpåverknad:* Sølvbunkeinnslaget i vegetasjonen tyder på ei lang beitehistorie. Skogen har nok vore sterkt beitepåverka i periodar.

*Artsfunn:* Av planter vart det ikkje funn særleg uvanlege artar, men m.a. hegg, lækjeveronika, skogfiol, skogrørkvein, skogsnelle, skogstorkenebb og tågebær. Det vart heller ikkje funne uvanlege lav- eller moseartar på treet eller nedramla greiner.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at han ikkje er ein gammal skog, men berre eit gammalt tre, og dermed ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Dette furutreet er såpass uvanleg at det bør få stå til det ramlar ned av seg sjølv.

## **60 Dyrليا-Grønlia**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 386-394, 683-695  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediaer og rik myr i låglandet  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.08.2008, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 16.08.2008. Lokaliteten er eit stort rikmyrområde som ligg mellom Dyrليا og Grønlia inntil grensa mot Molde kommune. Myra heller mot sør. Høgda er rundt 240-420 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av rikmyr, mest fastmatte. Det finst og fattig og intermediaer myr

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Lokaliteten var svært artsrik, og må vera ei av dei mest interessante rikmyrene i distriktet. Særleg interessant var store og jamt utbreidde bestandar av raudlistearten brunskjene (NT), som er regionalt svært sjeldan. Førekomstar av engmarihand (NT) var og interessant. Av planter elles kan nemnast bjørnebrodd, bleikvier, breiull, dvergbjørk, dvergjamne, elvesnelle, engstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, grønstorr, gulstorr, hegg, heiblåfjør, hengjeaks, hundekvein, jåblom, klubbstorr, knegras, kornstorr, kvitbladtistel, kvitmaure, kvitmyrak, kystmyrklegg, liljekonvall, loppestorr, myggblom, myraugnetrøst, myrkråkefot, myrsauløk, nattfiol, nebbstorr, sivblom, skogfiol, skogmarihand, småengkall, stortviblad, svarttopp, sveltull, særbustorr, sølvbunke og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei særleg stor (940 dekar) og velutvikla rikmyr som er svært artsrik, med to raudlisteartar, og regionalt svært viktige bestandar av brunskjene.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Moderat beiting er truleg positivt om ein unngår trakkskader.

## **61 Dyrليا: vest for Hansgardskammen**

**Tidlegare nummer:** (NY)

**Posisjon:** MQ 396-397, 684-685  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediaer og rik myr i låglandet  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 17.08.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 17.08.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg vest for Hansgardskammen ved Dyrليا sørvest i Gjemnes. Høgda er rundt 260-280 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseaensk vegetasjonssesksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av middelsrik fastmattemyr med breiull.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, brunskjene (NT), dvergbjørk, dvergjamne, grønstorr, jåblom, myraugnetrøst og særbustorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr (26 dekar) under skoggrensa (mellomboreal) som inneheld einskilde interessante artar, m.a. raudlistearten brunskjene.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Moderat beiting er truleg positivt om ein unngår trakkskader.

### **62 Dyrليا: nord for Hansgardskammen**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 399 687-688  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediaer og rik myr i låglandet  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 17.08.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2009 basert på eige feltarbeid 17.08.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg nord for Hansgardskammen ved Dyrليا sørvest i Gjemnes. Høgda er rundt 280 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseaensk vegetasjonssesksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av middelsrik fastmattemyr med breiull.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, brunskjene (NT), bukkeblad, dvergbjørk, dvergjamne, grønstorr, jåblom, kvitmyrak, kystmyrklekk, myraugnetrøst, myrkråkefot, sivblom og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr (11 dekar) under skoggrensa (mellomboreal) som inneheld einskilde interessante artar, m.a. raudlistearten brunskjene.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Moderat beiting er truleg positivt om ein unngår trakkskader.

### **63 Dyrليا: nordaust for Hansgardskammen**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 402-404, 689-691  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediaer og rik myr i låglandet

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 17.08.2008, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 17.08.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg nordaust for Hansgardskammen ved Dyrليا sørvest i Gjemnes. Høgda er rundt 270-280 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oceanisk vegetasjonssesksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av middelsrik fastmattemyr med breiull.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, bukkeblad, dvergbjørk, dvergjamne, fjelltistel, jåblom, kornstorr, kvitmyrak, myraugnetrøst, myrkråkefot, nattfiol, sivblom, særbustorr og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr (40 dekar) under skoggrensa (mellomboreal).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Moderat beiting er truleg positivt om ein unngår trakkskader.

## **64 Svarthaugen**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 399-404, 693-696  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0505 Open intermediær og rik myr i låglandet  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 17.08.2008, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 17.08.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg i sørhellinga av Svarthaugem mellom Dyrليا og Duåsen. Myra heller mot sør. Høgda er rundt 290-370 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oceanisk vegetasjonssesksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av middelsrik fastmattemyr med breiull og mange andre basekrevande planter.

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Særleg interessant var store og jamt utbreidde bestandar av raudlistearten brunskjene (NT), som er regionalt svært sjeldan. Førekomstar av engmarihand (NT) var og interessant. Av planter elles kan nemnast bjørnebrodd, breiull, brunmyrak, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, grønstorr, gulstorr, heiblåfjør, hengjeaks, jåblom, klokkevintergrøn, kornstorr, kvitblattistel, kvitlyng, kvitmyrak, kvitsymre, loppestorr, myraugnetrøst, myrkråkefot, nebbstorr, skogmarihand, smalkjempe, småengkall, storblåfjør, stortviblad, sumphaukeskjegg, svarttopp, sveltull, særbustorr og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei middels stor (130 dekar) og velutvikla rikmyr som er uvanleg artsrik, med to raudlisteartar, og regionalt viktige bestandar av brunskjene.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Moderat beiting er truleg positivt om ein unngår trakkskader.

## **65 Duåsen: sør for Svartlibekken**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 416 699  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A05 Rikmyr

**Utforming:** A0505 Open intermediaær og rik myr i låglandet  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 17.08.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 17.08.2008. Lokaliteten er eit mindre rikmyrområde som ligg sør for Svartlibekken ved Duåsen. Høgda er rundt 200 meter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av middelsrik fastmattemyr med breiull.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten ligg langs ein skogsveg som har påverka den hydrologiske balansen. Området verka elles stort sett lite påverka, men har vore beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breiull, bukkeblad, dvergjamne, engmarihand (NT), gulstorr, jåblom, kvitmyrak, myraugnetrøst, sivblom, skogmarihand, svarttopp, sveltull, særbustorr og trådstorr.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr (18 dekar) under skoggrensa (mellomboreal), men med bestandar av raudlistearten engmarihand.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan fleire inngrep. Moderat beiting er truleg positivt om ein unngår trakkskader.

### **66 Sør for Heggemsvatnet**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 441-444, 722-725  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0803 Jordvassmyr  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.08.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 03.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.08.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde som ligg på sørsida av Heggemsvatnet og grensar mot reservatet her. Myra er omlag flat. Høgda er rundt 155-160 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattigmyr, mest fastmatte, men og mjukmatter, litt furumyrskog med røsslyng og knausar, og dessutan ei lita tjørn i vestre del. Lokaliteten berører også strandområde i Heggemsvatnet som ikkje ligg i reservatet.

*Kulturpåverknad:* Tilgrensande område i sørvest er dels dyrka, dels kanalisert og tilplanta med gran, men det som her er avgrensa er relativt intakt. I søraust grensar området til riksvegen over Osmarka.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast dvergbjørk, kvitmyrak, pors, sivblom og stortranebær. Soppen *Hygrocybe substrangulata var. rhodophylla*, ein variant av sumpvokssopp, er truleg sjeldan i Noreg, han vart og funnen her.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei kystmyr i sørboreal som er over 50 dekar (180 dekar).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### **67 Nord for Heggemsvatnet**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 445 733  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr, A05 Rikmyr  
**Utforming:** A0803 Jordvassmyr, A0505 Open intermediaær og rik myr i låglandet



**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.08.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.08.2008. Lokaliteten er eit myrområde (Brekka-Bømyra-Langhaugen) som ligg nord og nordaust for naturreservatet i Heggemsvatnet. Myra er omtrent flat, men heller svakt mot sør og sørvest. Høgda er rundt 155-160 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattige myrer, mest fastmatte, men og ein god del mjukmatte. Bjørneskjegg, pors og rome er viktige artar. Ved Brekka (MQ 4445 7345) var det og innslag av rikmyr med breiull.

*Kulturpåverknad:* Tilgrensande område i nordaust er dyrka, og eit noko større område er kanalisert, men det som her er avgrensa er relativt intakt. Området vart i 2008 beita av storfe.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast breiull, dvergbjørk, dvergjamne, hundekvein, jåblom, kornstorr, kvitmyrak, kvitsymre, kystmyrklegg, myraugnetrøst, sivblom og stortranebær.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei kystmyr i sørboreal som er over 50 dekar (230 dekar). Innslaget av rikmyr trekkjer i same retning.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan fleire inngrep. Beiting er truleg ikkje uheldig så lenge ein unngår for mykje trakkskader.

### **68 Aust for Holåvatnet**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 472-475, 727-728  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0803 Jordvassmyr  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.08.2008, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.08.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde som ligg aust for Holåvatnet på Osmarka. Høgda er rundt 160-170 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattig til intermediar fastmattemyr. Viktige artar var bjørneskjegg, rome, pors og trådstorr. Det var og svakt innslag av middelsrik fastmattemyr med m.a. breiull.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er liten og relativt intakt, medan det er ein del grøfter og plantefelt i tilgrensande område.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast breiull, dvergbjørk, hundekvein, kvitmyrak, myrklegg, sivblom, særbustorr og trådstorr. Raudskivesoppen *Entoloma elodes* vart og funnen her, ein typisk myrart.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei kystmyr i sørboreal som er over 50 dekar (52 dekar). Innslaget av rikmyr trekkjer i same retning.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### **69 Aspåsmyran nord**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 489 734  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0803 Jordvassmyr  
**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 16.08.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på eige feltarbeid 16.08.2008. Lokaliteten er eit myrområde som ligg nord-nordvest for reservatet på Apsåsmyrane. Høgda er rundt 125-140 meter. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fattig og plan myr, mest fastmatte, men og ein god del mjukmatte og lausbotn, i tillegg til einskilde myrpyttar. Viktige artar var særleg pors, elles dvergbjørk, røsslyng, trådstorr, flaskestorr, blåtopp, bjørneskjegg og rome. Det finst og skogmyr med spreidd furu. Nokre mindre, tuvete parti omfattar truleg nedbørsmyr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er lite påverka, men tilgrensande område har vorte kanaliserte, grøfta og dels tilplanta med gran. Noko har og vore dyrka.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bukkeblad, dvergbjørk, elvesnelle, kvit nøkkerose, kvitmyrak, sivblom og trådstorr. Det vart observert fleire ulike agnestikkarartar.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er ei kystmyr i sørboreal som er over 50 dekar (315 dekar).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 70 Litjvassdalen (supplering)

**Tidlegare nummer:** BN00001865  
**Posisjon:** MQ 203-205, 692-695  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F07 Gammal lauvskog, F01 Rik edellauvskog  
**Utforming:** F0702 Fuktig kystskog  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 18.08.1999, JBJ (Jordal 2000), 03.05.2003, GGa, 25.03., 19.05.2003 IST (Gaarder & Stenberg 2003)

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 02.02.2009 basert på Jordal (2000) og Gaarder & Stenberg (2003) som sist vitja området 19.05.2003. I den sørvendte lia ved Litlvatnet vest for Åndalssetra står det frodig, dels ganske gammel og storvaksen lauvskog med innslag av alm. Lokaliteten strekkjer seg nordover frå nordenden av Litlvatnet under Trolldalsfjellet, ca. 300/420 m o.h.

*Vegetasjon:* Dei få almene som vart undersøkte vaks 340-400 m over havet og var opp til 25 cm i stammediameter i brysthøgde. Ein del grov bjørk og rogn tyder på at det er lenge sidan det har vore hogge her. Elles vart det funne gråor, osp og hegg. Slik gammal lauvskog er det ikkje funne mykje av i Gjemnes. Innafor lokaliteten finst og opne rasmarkar. Einskilde mindre bakkemyrer vart funne, med intermediær vegetasjon av t. d. dvergjamne og fjellaugnetrøst.

*Kulturpåverknad:* Lite hogstspor, svak beiting.

*Artsfunn:* Det mest spesielle var funn av stortviblad, ein kalkkrevande, uvanleg orkidé. På ei daud almegrein vart det funne lønnekjuke. Undervegetasjonen er uvanleg frodig med ei rekkje høgstaudeartar og bregner (skogburkne, strandrøyr, sløkje, geitrams, turt, skogstorkenebb, vendelrot, gullris, ormetelg, myskegras, bringebær, raud jonsokblom, sauettelg, krattmjølke, skogmarihand, skogrøyrkvein og storfrytle) og innslag av få varmekjære artar (hengjeaks, kranskonvall, liljekonvall). I ei av bakkemyrene vart det funne ein stor bestand på over 100 individ av myrjordtunge (*Geoglossum sphagnophilum*). I den vestvendte bjørkelia i Litlvassdalen hekka raudlistearane dvergspett (VU) og kvitryggspett (NT) i 2003 (MQ 2044 6917). *Supplerande opplysningar* etter 03.05.2003: Funn av m.a. myske og ein ukjent orkide, truleg vårmarihand i lia. Skogen verka vereksponert og potensialet for gammalskogstilnytta artar er svakt.

*Prioritering:* Dette er eit relativt lite og dårleg utvikla almebestand. Undervegetasjonen er likevel artsrik og frodig, og den kravfulle orkideen stortviblad er funne. Lokaliteten får under tvil framleis verdi viktig (B). Gaarder og Stenberg (2003) meinte det var mest rett å gi området verdi lokalt viktig (C), men det

finst og andre gammalskogs-kvalitetar som er nært knytt til naturtypen, nemleg raudlistearane dvergspett og kvitryggspett.

*Omsyn og skjøtsel:* Dette er eit av få område i kommunen der det er funne gammal lauvskog. Denne skogen bør få stå urørt.

## **71 Litj-Tussen-Snøtind**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 237-254, 707-717  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** C01 Kalkrike område i fjellet  
**Utforming:**  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 31.07.1999, Jarle Inge Holten

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av Jarle Holten og redigert av John Bjarne Jordal i januar 2009 basert på feltarbeid av Jarle Holten 31.07.1999 (pers. komm.). Lokaliteten ligg på sørsida av Snøtind og nedover ved Litj-Tussen, i høgdelaget 500-1027 m o.h. og vert under tvil ført til naturtypen kalkrike område i fjellet. Området ligg i lågalpin vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området vert dominert av fattig lågalpin heivegetasjon frå skoggrensa og opp til ca 800 m. med følgjande artar som dominantar: fjellkrekling, stivstorr og greplyng og med rabbesiv, rypebær og geitsvingel som vanlege artar elles. Dvergbjørk førekjem spreidd i høgdebeltet 500 - 600 m. Lesidene er dominert av finnskjegg og fjellmarikåpe, og vanlege artar er gullris og blålyng, medan fjellsvæve og aksfrytle førekjem spreidd-sjeldan. Fattige snøleie er dominert av musøyre, med spreidd finnskjegg, og mindre vanlege artar er trefingerurt, seterstorr, brearve, dverggråurt, dvergmjølke og rypestorr. Fattig blokkmark har hovudførekomst i høgdebeltet 500 - 800 m og er dominert av fjellburkne og hestespreng. Rik-mellomrik blokkmark/rasmark førekjem spreidd med taggbregne og rosenrot. Mellomrike - rike engsnøleie har mindre vanlege artar som fjellrapp, kvitmjølke, fjellkvein, fjellsyre, aksfrytle, grønvier (ei registrering), sølvvier, lappvier og fjellveronika. Mellomrike-rike fjellmyrer (høgdebeltet 500 - 800 m) har middels kravfulle artar som blankstorr (spreidd-sjeldan), svartstorr (sjeldan), bjørnebrodd (spreidd), svarttopp (vanleg), fjellfrøstjerne (spreidd), bleikvier (sjeldan), fjelltistel (vanleg) og jåblom (spreidd). Fattigkjelde med stjernesildre førekjem spreidd til vanleg. Høgstaudeeng har artar som kvitsoleie (sjeldan), turt (spreidd), harerug (vanleg), kvitblattistel (spreidd), kvitmjølke (spreidd), setergråurt (spreidd) og skogstorkenebb (vanleg).

*Kulturpåverknad:* Området verka stort sett lite påverka, men har vore beita. Det finst stigar som vert brukte av folk og sau.

*Artsfunn:* Nokre mindre vanlege og dels kravfulle planter er nemnt under vegetasjon: bjørnebrodd, blankstorr, bleikvier, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, svartstorr, svarttopp og taggbregne.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt artsfattig lokalitet i høve til basekrevande fjellplanter.

*Omsyn og skjøtsel:* Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep.

## **72 Storlandet: Mjølkekyranne**

**Tidlegare nummer:** (NY)  
**Posisjon:** MQ 300-314, 792-798  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 11.08.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid 11.08.2008. Lokaliteten er eit mindre myrområde som ligg ved Skjerset mellom Øverland og Stokke på Storlandet. Myra heller mot nord. Høgda er rundt 200-300 meter over havet. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Området har ei blanding av nedbørsmyr og fattigmyr, som delvis er noko tuvet. Viktige artar er bjørneskjegg, røsslyng, torvull, molte, rome og kvitlyng.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka. Det går ein skogsveg mest opp til kanten av myra og ved vegen er det eit granplantefelt. Namnet tyder på tidlegare beitebruk. I dag er området lite beita.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast greplyng, heisiv, hundekvein og svarttopp.

*Prioritering:* Området er gjeve verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystmyr over sørboreal som ikkje ligg i eit pressområde, men med innslag av nedbørsmyr.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 73 Storlandet: Bjønnadalen nord

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 304-309, 783-791
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheutforming
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid 11.08.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheutforming, og ligg sør for Mjølkmyrane på Storlandet, opp mot Bjønnadalen, rundt 280-420 m o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (men over eksisterande skoggrense) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome. Det er og innslag av fattige til intermediære bakkemyrer, rike sig og fattigkjelder.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjelltistel, gulsildre, kornstorr, myraugnetrøst, myrsnelle, rypebær og svarttopp. Det vart elles m.a. notert følgjande oseaniske mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, grannkrekmosse *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, og dessutan raudmakkmosse *Scorpidium revolvens*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria for B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

### 74 Storlandet: Bjønnadalen sør

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 310 784
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	C01 Kalkrike område i fjellet
<b>Utforming:</b>	C0102 Leside
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2008, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid 11.08.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen kalkrike område i fjellet (med overgang mot rikmyr og rike sig) og ligg i Bjønnadalen på Storlandet, rundt 410-430 m o.h. Området ligg over skoggrensa lokalt, i mellomboreal til lågalpin vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er alpin, noko baserik lesidevegetasjon, med litt preg av rikmyr.  
*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, loppestorr, mjødukt, myraugnetrøst, skogfiol, skogstorkenebb, småengkall, sumphaukeskjegg og svarttopp.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## Molde

### 75 Kloppafjellet

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 217-226, 672-676
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
<b>Utforming:</b>	B0403 Moserik fjellheiotforming
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2008, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på eige feltarbeid 04.08.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, og ligg i nordhellinga av Kloppafjellet sør for Åndalssetra (som tilhøyrer Gjennes), rundt 340-500 m o.h.

Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar med m.a. bjørneskjegg og rome. Det er og innslag av fattige til intermediære sig og bakkemyrer, og einskilde flate blautmyrer med sivblom.

*Kulturpåverknad:* Området verka lite påverka, men har vore beita av sau.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjellaugnetrøst, fjellbunke, fjellburkne, greplyng, kystmyrklegg, rypebær, sivblom, svarttopp og særbustorr. Det vart elles m.a. notert følgjande mosar: heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, grannkrekrose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingrose *Mylia taylorii* og prakttvibladrose *Scapania ornithopodioides*. Sistnemnde hadde ganske store matter fleire stader.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at han inneheld nordvendte kystberg og blokkmark med fleire gode førekomstar av middels kravfulle og typiske oseaniske artar som prakttvibladrose (fire førekomstar), heimose og grannkrekrose over eit større område.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag.

## Neset

### 76 Stranda ved Eikesdalsvatnet

<b>Tidlegare nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 5746 4334 - MQ 5699 4376
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D03 Artsrik vegkant
<b>Utforming:</b>	
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep som t.d. grøfterensk, opphøyr av kantslått, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** Bjørn Austigard (pers. komm.), Fremstad (2007), 13.07.2008, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 04.02.2009 basert på opplysningar frå Bjørn Austigard og Wenche Johansen, Fremstad (2007) og eige feltarbeid 13.07.2008. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen artsrik vegkant og ligg ved Stranda i nordre del av Eikesdalsvatnet. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Viktigast er artsrike, tidlegare beita engsamfunn langs vegkantane. Artsrike vegkantar reknast som ein truga vegetasjonstype.

*Kulturpåverknad:* Vegkanten er beita av sau fram til om lag 2005. Opphøyr av beitet nyleg er årsak til at stavklokka har fått veksa i fred slik at ho har vorte oppdaga.

*Artsfunn:* Lokaliteten er artsrik, 104 planteartar vart registrerte. Mest interessant var ein stor bestand av den regionalt svært sjeldne raudlistearten stavklokke (NT). Det vart rekna om lag 140 planter av denne arten over ei strekning på rundt 600 meter vegkant. Førekomsten vart oppdaga av Bjørn Austigard i 1979 og attfunnen i 2007 med 69 planter (Fremstad 2007). Av planter elles vart det notert m.a. alm (NT), bergfrue, bergmjølke, blå rapp, brunrot, burot, bustnype, byhøymole, engfiol, enghumbleblom, engtjæreblom, filtkongslis, gjeldkarve, grov nattfiol, gulsildre, gulstorr, haremat, hassel, hengjeaks, hundekveke, jåblom, kattedot, kjertelaugnetrøst, kransmynte, kratthumbleblom, kvitbladtistel, kvitmaure, kvitsymre, kystgrisøyre, lundgrønaks, markjordbær, prikkperikum, raud jonsokblom, raudkløver, revebjelle, skogfiol, skoggråurt, skogmarihand, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, smalkjempe, småborre, småengcall, storklokke, svarterteknapp og svarttopp.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han er stor og artsrik og har fylkets største bestandar av ein art som står som NT på raudlista.

*Omsyn og skjøtsel:* Sauebeitet som har pågått til nyleg har truleg vore til nytte for stavklokka, ho har fått nok lys og har truleg kunna overleva som rosettar, men beitinga har hemma blomstring og spreiding. No vert det ei utfordring å unngå forbusking og for mykje skugge for stavklokka. Eit alternativ er å sleppa sauer på nytt dersom det er muleg. Alternativet er slått av vegkantane, helst seint i sesongen. Ein bør unngå sprøyting og fysiske inngrep som t.d. grøfterensk.

## KJELDER

Lista nedenfor inneheld også kjelder som ikkje inneheld stadfesta informasjon frå undersøkingsområdet, men som er brukte for å belysa tema i dei generelle delene av rapporten, eller i bestemmingsarbeid, verdisetting, diskusjon m.m.

### Skriftlege kjelder

- Andrews, A.L. 1919. Bryological Notes – V. *Scapania nimbosa* from Norway. - Torreyia 19: 49-51.
- Artsdatabanken 2007. Data om raudlistearter: <http://www.artsdatabanken.no/>
- Artskart 2009. En karttjeneste fra Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>)
- Boertmann, D. 1995. Vokshatte. Nordeuropas svampe - bind 1. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Damsholt, K. 2002. Illustrated Flora of Nordic Liverworts and Hornworts. Nord. Bryol. Soc., Lund. 837 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. DN-handbok nr. 13, 2 utgåve.  
<http://www.naturforvaltning.no/archive/attachments/02/123/Hndbo001.pdf>
- Elgersma, A. 1996. Landskapsregioner i Norge. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), kart.
- European Committee for Conservation of Bryophytes (ECCB) 1995. Red Data Book of European Bryophytes. - Trondheim. 291 pp.
- Fremstad, E. 2007. Tre arter å bry seg om: gulveis, stavklokke og vårmarihand. Orebladet 2007-2: 4-9.
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Frisvoll, A. A., Elvebakk, A., Flatberg, K.I. & Økland, R.H. 1995. Sjekklister over norske mosar. Vitenskapeleg og norsk namneverk. NINA Temahefte 4: 1-104.
- GBIF (Global Biodiversity Information Facility) Norge 2009. Søkbar artsdatabase ([http://norbif.uio.no:8080/gbif\\_db.html](http://norbif.uio.no:8080/gbif_db.html))
- Gederaas, L., Salvesen, I & Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 - økologiske risikovurderinger av fremmede arter. Artsdatabanken, Trondheim. 151 s.
- Gulden, G., Bendiksen, E., Brandrud, T. E., Ryvarde, L., Sivertsen, S. & Smith, O. 1996. Norske soppsnavn. Fungiflora. 137 s.
- Gaarder, G. 2009. Naturtypekartlegging rundt Storholmen, Fræna kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:1. 15 s.
- Gaarder, G. under arbeid. Forvaltningsplan for Sandblostvågen-Gaustadvågen naturreservat.
- Gaarder, G. & Stenberg, I. 2003. Nettilknytning til Ormen Lange, trinn 1. Konsekvensutreiing på tema flora og fauna. NOF, rapport nr. 3-2003. 77 s.
- Gaarder, G. & Hassel, K. 2005. Torntvebladmose *Scapania nimbosa* gjenfunnet i Norge. Blyttia 63:195-200.
- Hallingbäck, T. & Holmåsen, I. 1985. Mossor. En fälthandbok. Interpublishing, Stockholm. 288s
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1992. Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. - Nordsvamp, København, 474 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1997. Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphylophoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 2000. Nordic Macromycetes Vol. 1. Ascomycetes. Nordsvamp, København, 309 s.
- Hassel, K., Gaarder, G. and Holten, J.I. 2000. Torntvibladdmose *Scapania nimbosa* utdødd i Norge? Blyttia 58: 22-24.
- Hill, M.O., Preston, C.D. and Smith, A.J.E. 1991. Atlas of the bryophytes of Britain and Ireland. Volume 1. Liverworts (Hepaticae and Anthocerotae). Brit. Bryol. Soc., Cardiff.

- Joint Nature Conservation Committee 2008. Conservation Designations for UK Taxa. (<http://www.jncc.gov.uk/page-3408>)
- Jordal, J. B. 1997. Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s.
- Jordal, J. B., 2000. Kartlegging av biologisk mangfold i Gjemnes kommune 1999-2000. Gjemnes kommune. 110 s.
- Jordal, J. B., 2005. Kartlegging av naturtyper i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s. + kart.
- Jordal, J. B. 2007. Kartlegging av naturtyper i Eide kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 4-2005. 67 s.
- Jordal, J. B. 2008. Supplerende soppundersøkelser i forbindelse med reguleringsplan Hustadvika golfbane. Notat til Asplan Viak, 9 s.
- Jordal, J. B., Holtan, D., Gaarder, G. & Grimstad, K. J. 2006. Status for solblom *Arnica montana* L. i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Blyttia 64:213-230.
- Jørgensen, E. 1934. Norges levermoser. Bergens Museums Skrifter 16: 1-343.
- Krog, H., H. Østhagen & T. Tønsberg 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.
- Kålås, J.A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Røddliste 2006. Artsdatabanken, Trondheim.
- Larsen, B.H. & Gaarder, G. 2005. Konsekvensutredning for Havsul 4, Eide og Averøy kommuner. Tema: Biologisk mangfold. Miljøfaglig Utredning rapport 2005:52, 69 s. + vedlegg.
- Lid, J. & Lid, D. T., 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.
- Moberg, R. & Holmåsén, I., 1986. Lavar. En fälthandbok. Interpublishing, Stockholm. 240 s.
- Moen, A. 1998. Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Mossberg, B. 1992. Den nordiska floran. Wahlström & Widstrand. 696 s.
- National Biodiversity Network Gateway 2008. Species information. (<http://data.nbn.org.uk/>)
- Naturbase 2008. [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) eller <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/> (Database drifta av Direktoratet for naturforvaltning)
- Noordeloos, M.E. 1992. Entoloma s.l. Fungi Europaei 5. Saronno, Italia, 760 s.
- Noordeloos, M.E. 2004. Entoloma supplement. Fungi europeii vol. 5a. 761-1378.
- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget. 252 s.
- Norsk lavdatabase (NLD) 2008. <http://www.toyen.uio.no/botanisk/lavherb.htm> Søk pr. januar 2009.
- Norsk mosedatabase (NMD) 2008. [http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd\\_b.htm](http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm) Søk pr. januar 2009.
- Norsk soppdatabase (NSD) 2008. [http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd\\_b.htm](http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm). Søk pr. januar 2009.
- Ryman S. & Holmåsén I. 1984. Svampar. Interpublishing, Stockholm. 718 s.
- Tønsberg, T. & Holien, H. 2006. Norsk lavflora. Tapir akademisk forlag, Trondheim.

## Munnlege kjelder

Følgjande personar har gjeve munnlege eller skriftlege opplysningar om biologiske forhold, eller bestemt materiale:

Marit Dyrhaug, Tjøtta/Eide  
Tore Frøland, Sykkylven

Geir Gaarder, Tingvoll  
Kristian Hassel, Trondheim

Jarle Inge Holten, Hommelvik  
Rein Midteng, Sandvika



# BILETE

Viss ikkje anna er oppgjeve, er bileta tekne av John Bjarne Jordal ©



1 Eide: Trolldalsheia på vestsida av Litjvatnet (til høgre i biletet), ei oseanisk kystfjellhei som tilhøyrer naturtypen "nordvendte kystberg og blokkmark". Dette var den første nye lokaliteten med torntvibladmose som vart funnen i 2008, med tre delførekomstar. Dette er ein av mange fjellnasar med denne mosen i sørlege del av Eide, dei ligg på rekkje og rad frå Trolldalsvatnet til Herkedalsfjellet.



2 Eide: nord for Trolldalsvatnet, sørvest i Eide: kommune. Her er det større oseaniske fuktheiar, svaberg, småhamrar og skogmyrer med bjørk og furu i nedre del, austover forbi Knubban, ein flott moselokalitet med mange delførekomstar av torntvibladmose.



2 Eide: nord for Trolldalsvatnet. Biletet viser ei stor tuve med torntvibladmose som vart funnen her. Mosen er nokså raudaktig og har ein litt "lurvet" utsjånad på halvnrære hald pga. dei lange piggane i bladdkantane.



3 Eide: Einsetdalen. Her ligg det ei lita, plan, fattig kystmyr omgjeven av bjørkeskog. Lokaliteten er liten og har berre lokal verdi.



4 Eide: Surndalsheia. Dette er ein stor og viktig lokalitet med oseanisk kystfjellhei og gode bestandar av torntvibladmose.



5 Eide: Surndalen. Her i framgrunnen er det avgrensa ei rikmyr med breiull mm., som ligg over lokal skoggrense.



6 Eide: Litjvassheia. Dette er ei fjellhei som ligg på ryggen nordover frå Luten. Lokaliteten hadde små og sparsamme bestandar av torntvibladmose, men meir av prakttvibladmosen.



7 Eide: Lomtjørna. Denne tjørna ligg merkeleg til på høgste punktet på eit høgdedrag (Halåsåsen) og har tilsynelatande ikkje tilførselsbekker. Her vart det sett fleire augestikkerartar og dessutan soleinøkkerose.



8 Eide: Litjvatnet-Lomtjørna. Dette er eit større, fattig bakkemyrområde og furumyrskog med innslag av tuvet nedbørsmyr. Det er og innslag av intermediaer myr.



9 Eide: Finnseterdalen. Opp mot skoggrensa var det også her fleire delførekostar av torntvibladmose og prakttvibladmose.



10 Eide: Finnsetra, ein lokalitet like ovanfor innmarka med rikmyr, buskmark og kalkskog med m.a. stortviblad, grov nattfiol og fleire basekrevande myrplanter.



11 Eide: Vassgårdheia nord, i framgrunnen ser ein ei tuve med torntvibladmose. Bestanden her var ikkje særleg stor, men det var noko meir av prakttvibladmosen.



13 Eide: Klokkhuset. Sjølve Klokkhuset er den markerte bergnassen til venstre i bildet. Til høyre for denne (i venstre halvdel av bildet) ligg den høgastliggjande lokaliteten for torntvibladmose, 500-530 m o.h. Vegetasjonen er delvis grassnøleie med finnskjegg, men er i slekt med fuktheiane elles i området. Gøymd i skodda ligg fjellet Stortussen.



16 Eide: nordvest for Sæterfjellet (fjellet nord for Ugelstadsetra). Ein har utsikt mot Krekvik og Averøya. Her vart det funne eit område med rikmyr og nokså mykje breiull m. fl. basekrevande planter.



17 Eide: Herkedalen under Langslåa. Her ligg eit mindre område med rik edellauvskog med hasselkratt, alm, og fleire uvanlege artar som breiflangre, tannrot og sølvnever.



18 Eide: Herkedalen nord for Skrebekken. Dette er eit rikmyrområde med breiull, fjellfrøstjerne, jåblom mm.



19 Eide: Herkedalsfjellet nord for Herkedalssetra. Dette er ei oseanisk kystfjellhei med ganske mykje torntvibladmose og prakttvibladmose. Nedanfor: Kristian Hassel, Vitenskapsmuseet, NTNU studerer ein vekseplass for torntvibladmose.



20 Eide: Hældalsvatnet søraust. Om lag midt på biletet ligg ein artsrik og baserik høgstaudebjørkeskog med fleire raudlisteartar.



21 Eide: Hældalsvatnet sør. Dette er ein lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark av sørleg-oseanisk utforming med hinnebregne oppe i ufsene. Nedanfor er det eit lite bilete av hinnebregne herifrå. Fjella bak er ein del av lokalitet 24 Sandnes-tindane.



21 Eide: Hældalsvatnet sør. Her undersøker Geir Gaarder ein veksestad for prakttvibladmose i ein bratt grasbakke.



22 Eide: Hældalsvatnet sørvest. I høgre halvdel av biletet ligg den truleg største bestanden av torntvibladmosen. Ein mindre bestand ligg ved og dels utanfor venstre biletkanten. Nedanfor: Geir Gaarder har funne ein delførekomst av torntvibladmose i pinsa 2007.





22 Eide: Hældalsvatnet sørvest. Kristian Hassel og Kjel Ivar Flatberg frå Vitenskapsmuseet, NTNU i Trondheim studerer ein førekomst av torn-tvibladmosen i juni 2007. Nedanfor: torntvibladmose.



25 Eide: Tjønndalen. Denne lokaliteten ligg nord for "Hældalsvatnet sørvest" som har ein stor bestand av torntvibladmose, men det lukkast ikkje å finna arten i Tjønndalen. Derimot finst det fleire stader prakt-tvibladmose og andre oseaniske levermosar.



26 Eide: Dyrhaug. Dette er ein av dei nordlegaste intakte lokalitetane for solblom i landet. Lokaliteten er diverre ikkje lenger beita og gror att. Foto: Marit Dyrhaug.







27 Eide: Baklia (nord for Bollen), ein lokalitet med oseanisk fjellhei. Personen på bildet sit ved ein veksestad for den oseaniske levermosen prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.



28 Eide: Melen (768 m o.h.). I området frå toppen og nokså langt nedover på sørsida finst reinroseheiar med einskilde andre basekrevande fjellplanter som brudespore, fjellsmelle og raudsildre.



28 Eide: Melen, reinrosehei under toppen. Lokaliteten består av rasmark med stein og grus. (Foto reinrose: Friedeke Hendriks).





29 Eide: Grønlia (på nordsida av Melen), ved Sandsbekken, ein oseanisk fjellhei-lokalitet med torntvibladmose.



29 Eide: Grønlia, Sandsbekken, torntvibladmose veks ved føtene til personen på biletet.



30 Eide: Gådalsvatnet nord. I framgrunnen ligg relativt flate kystmyrar med fattigmyr og litt nedbørsmyr nordover mot Årøyan. Gådalsvatnet visest til høgre i biletet.



30 Eide: Gådalsvatnet nord, her er det innslag av nedbørsmyr med tjukke torvlag.



31 Eide: vest for Årøyan, ei oseanisk fjellhei med relativt gode bestandar av torntvibladmose over ei strekning på om lag 700 meter i aust-vest-retning. Her har denne arten sine lågastliggjande veksestader i Noreg på ca. 200 meter over havet.



31 Eide: vest for Årøyan, tuver med raudaktig torntvibladmose blant rome.



34 Eide: Kvitholmen sør. Heile øya vart i 2008 beita av utegangarsau. Denne beitinga tek vare på gamle naturbeitemarker og kystlyngheier.



35 Eide: Kvitholmen nord. I bakgrunnen midt på biletet ligg eit parti med fleire hundre planter av marianøkleblom, ein art med berre tre kjende vekseplassar i fylket, alle i Eide og Fræna. Den største bestanden er nettopp på Kvitholmen (blad synlege på foto nedanfor).



36 Eide: Kvitholmen ved fyret. Her er det baserike grasmarker som vert beita. Nedanfor foto av brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (VU) som vaks her.





37 Eide: Gådalen. Dette er eit større myrområde med nedbørsmyr, fattigmyr og innslag av rikmyr. I bakgrunnen ser ein og 38 Eide: Fosslia. Ein kan sjå berga der Gådalsfossen stuper utfor. Oppå fjellkammen ligg lokalitet 27 Baklia.



37 Eide: Gådalen (same som ovanfor) sett frå Bolliklumpen, eit myrområde som ligg sørover frå Gådalsvatnet. Ein kan sjå Hustadvika ved Vevang i bakgrunnen.



38 Eide: Fosslia, eit miljøbilete med moserike bergvegger og bergfrue ved fossen. Lokaliteten har ei blanding av fosserøyksamfunn og nordvendte kystberg og blokkmark. Foto: Friedeke Hendriks.



39 Fræna: Sloppen. Dette er ei oseanisk kystfjellhei med torntvibladmose nær grensa til Eide, på nordsida av fjellet Melen.



39 Fræna: Sloppen, med nærbilete av vegetasjonen rundt ein av delførekomstane for torntvibladmose her, ei fukthei med bjørneskjegg og finnskjegg mm.



40 Fræna: Kyrhaugmyrene, vestre del. Dette er eit større myrområde med fattigmyr og nedbørsmyr på eit lågt fjellplatå sør for Skotten, oppå Skottenstupet. Ein ser havet ved Hustadvika i bakgrunnen.



40 Fræna: Kyrhaugmyrene, austre del mot Sandblost og Gaustad. Ein skintar nedbørsmyr med store ryggar og tuver.



41 Fræna: sør for Skavatnet. Landskapet ligg berre vel 300 meter over havet, men det er likevel omlag trelaust. I bakgrunnen like over vatnet ligg eit parti med basekrevande fjell- og myrplanter. Særleg var det mykje hårstorr, men og artar som blankstorr, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, gulsildre, nebbstorr, loppestorr og rukkevier.



42 Fræna: Sjurvasslia vest for fjellet Sjurvarden ved Farstad. Oppe i berghamrane var det basekrevande fjell- og myrplanter som fjellfrøstjerne, fjellsmelle, gulsildre, loppestorr, raudsildre og trillingsiv. Mest uventa var kanskje skjørbuksurt oppe i desse hamrane.



43 Fræna: Sleppskardet. I 1907 vart torntvibladmose funnen i det området midt på biletet som i dag er sterkt endra av kalksteinsutvinning. I 2008 vart torntvibladmosen attfunnen høgare oppe, litt til venstre for midten av biletet.



44 Fræna: Raudtuva søraust (kystfuruskog). Dette er ein furuskog med mange små svaberg og ein fuktig bekkedal med mykje oseaniske mosar, m.a. gullhårmose (som er ved nordgrensa si) og prakttvibladmose.



45 Fræna: Raudtuva søraust (kystfjellhei). Her vart det funne ein del oseaniske levermosar som prakttvibladmose.







46 Fræna: Raudtuva aust. Her er ei mindre, nordaustvendt kystfjellhei der det vart funne ein mindre bestand av torntvibladmosen, veksestaden visest på biletet nedanfor.



47 Fræna: Hoksneset. Dette er eit ganske artsrikt beitemarksområde der det i 2008 gjekk utegangarsau og hest.



47 Fræna: Hoksneset. Deler av lokaliteten består av godt nedbeita og dels brent kystlynghei.



48 Fræna: Rotvika. Dette er eit artsrikt strandområde med artar som nordlandsstorr og kjeldegras, og dessutan ein brakkvassdam med småhavgras.



49 Fræna: sør for Farstadberget, ei stor kystmyr som er relativt intakt med unntak av torvtekt tidlegare. Foto: Geir Gaarder (Gaarder 2009).



52 Fræna: Taksneset ved Storholmen. Dette er eit område med naturbeitemark og kystlynghei som er svært artsrikt på både planter og sopp. Nedanfor bilete av den basekrevande beitemarkssoppen brunøygd vokssopp *Hygrocybe virginea* var. *fuscescens*.





52 Fræna: Taksneset ved Storholmen, beita strandknausar ut mot neset. Under mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* som er sjeldan på kysten.



53 Gjemnes: Fursetfjellet nord, ei fattig kystmyr med litt rikmyrinnslag som ligg heilt inntil riksvegen nord på Fursetfjellet. Pors er ein viktig art her.



54 Gjemnes: Fursetfjellet, Oførli. Dette er ei nokså stor rikmyr. nedanfor: engmarihånd vekst her (NT på raudlista).





55 Gjemnes: Fursettfjellet ved Middagshaugen. Dette er eit rikmyrområde over eksisterande skoggrense, med m.a. nattfiol og myrkråkefot.



56 Gjemnes: Fursettfjellet sør for Oførelva. Her er og eit større område med mosaikk av rikmyr, intermediær myr og fattige bakkemyrer.



58 Gjemnes: Raudheia nord. Dette er eit område med relativt dårleg utvikla oseanisk kystfjellhei, truleg fordi det ligg litt for langt frå kysten og dessutan i regnskuggen bak fjellrekkjene utanfor. Fleire typiske oseaniske levermosar veks her, m.a. prakttvibladmose, men bestandane er små.



59 Gjemnes: Fursetfjellet, nord for Oførelva. Dette er ei uvanleg stor furu med stammediameter opp til 1,6-1,8 meter.



60 Gjemnes: Dyrilia-Grønli. Dette er truleg eit av dei største og mest artsrike rikmyrområda i fylket. Nedanfor myrkråkefot.





60 Gjemnes: Dyrli-Grønli. Eit stort og viktig rikmyrområde. Nedanfor orkidéen myggblom.



60 Gjemnes: Dyrli-Grønli, i framgrunnen brunskjene (NT – nær truga på raudlista), ein sterkt basekrevande plante som er sjeldan i fylket.



63 Gjemnes: nordaust for Hansgardskammen, også eit rikmyrområde på Osmarka.



64 Gjemnes: Svarthaugen, eit stort, artsrikt og svært viktig rikmyrområde med engmariland og gode bestandar av brunskjæne.



65 Gjemnes: Duåsen sør for Svartlibekken. Dette er også eit rikmyrområde med innslag av engmariland. I framgrunnen på biletet ein god bestand av jåblom.



66 Gjemnes: sør for Heggemsvatnet. Dette er ei kystmyr eller låglandsmyr med einskilde interessante artar.



67 Gjemnes: nord for Heggemsvatnet. I framgrunnen ei lita rikmyr med breiull, elles er dette eit område med fattige kystmyrer/låglandsmyrer.



68 Gjemnes: aust for Holåvatnet, også eit område med kystmyr og litt rikmyr.



69 Gjemnes: Aspåsmyran nord. Nord for Aspåsmyran naturreservat ligg også større, relativt intakte myrområde.





71 Gjemnes: Litj-Tussen-Snøtind. Oppover i venstre halvdel av bildet ligg eit fjellparti undersøkt av Jarle I. Holten, der det vart funne nokre basekrevande fjellplanter.



72 Gjemnes: Mjølkekyrane, eit stort kystmyrområde på Storlandet, med Averøya i bakgrunnen.



73 Gjemnes: Bjørnedalen nord, eit område med oseanisk kystfjellhei som ligg ovafor Mjølkekyrane på Storlandet.



75 Molde: Kloppafjellet. Dette er også eit område med oseanisk kystfjellhei og gode bestandar av prakttvibladmose, som ligg nokså langt frå kysten, sør for Åndalssetrene i Gjennes.



75 Molde: Kloppafjellet, prakttvibladmose. Dette er truleg innergrense i distriktet for denne oseaniske levermosen.



76 Nesset: Stranda ved Eikesdalsvatnet, fylkets største bestand av stavklokke.



# VEDLEGG

Lokalitetane er sorterte etter stigande lokalitetsnummer.

## Plantelister

### EIDE

#### 1 Trolldalsheia

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåtopp  
duskull  
finnskjegg  
fjelljamne  
flekkmarihand  
furu  
grønkurle  
gullris  
heisiv  
kattefot  
klokkelyng  
kornstorr  
kvitlyng  
lusegras  
mjuk kråkefot  
molte  
musøyre  
myrfiol  
rogn  
rome  
rundsoldogg  
rypebær  
røsslyng  
skogstjerne  
skrubbar  
slirestorr  
smalsoldogg  
smyle  
smørtelg  
stivstorr  
stormarimjelle  
stri kråkefot  
svarttopp  
sveltstorr  
sølvbunke  
sølvvier  
tepperot  
tettegras  
torvull  
tytebær  
øyrevier

#### 2 Trolldalsvatnet nord

bjørk  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
bleikstorr  
blokkebær  
blåtopp  
bråtestorr  
duskull  
dvergjamne  
einer  
finnskjegg  
fjelltistel  
flekkmarihand  
furu  
greplyng  
gullris  
heisiv  
hengjeaks  
kornstorr

kreking  
kvitlyng  
kvitsymre  
linnae  
loppestorr  
lusegras  
mjøduert  
rome  
rundsoldogg  
rypebær  
røsslyng  
sauetelg  
skogsnelle  
skogstorkenebb  
slirestorr  
smyle  
smørtelg  
storfrytle  
stormarimjelle  
stri kråkefot  
svarttopp  
sveltstorr  
tepperot  
tettegras  
torvull  
tytebær

#### 3 Einsetdalen

bjørk  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåknapp  
einer  
elvesnelle  
finnskjegg  
flaskestorr  
flekkmarihand  
geitsvingel  
grønvier  
gråor  
gullris  
harerug  
heisiv  
kornstorr  
kvitlyng  
kvitsymre  
kystmyrklegg  
lappvier  
myrfiol  
myrhatt  
myrmaure  
rome  
rundsoldogg  
røsslyng  
skogsnelle  
skogstjerne  
sløkje  
slåtestorr  
sveltstorr  
tepperot  
tettegras  
torvull  
trådsiv  
tytebær

#### 4 Surndalsheia

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
bleikstorr  
blokkebær  
blåbær

blåknapp  
blåtopp  
breiull  
duskull  
dvergjamne  
einer  
finnskjegg  
fjellfrøstjerne  
fjelljamne  
fjellmarikåpe  
fjellpryd  
fjelltistel  
flekkmarihand  
fugletelg  
greplyng  
grønstorr  
gulaks  
gullris  
gulstorr  
hengjeveng  
kattefot  
kornstorr  
kreking  
kvitlyng  
kvitsymre  
loppestorr  
lusegras  
maiblom  
marikåpe  
mjuk kråkefot  
molte  
myrfiol  
rogn  
rome  
rundsoldogg  
rypebær  
røsslyng  
skogsnelle  
skogstjerne  
skrubbar  
slirestorr  
slåtestorr  
smyle  
smørtelg  
småtviblad  
stivstorr  
storfrytle  
stormarimjelle  
stri kråkefot  
svarttopp  
særbustorr  
sølvbunke  
tepperot  
tettegras  
tiriltunge  
torvull  
tytebær  
tågebær

#### 5 Surndalen

bjørnebrodd  
bjørneskjegg  
blåknapp  
breiull  
bukkeblad  
fjellfrøstjerne  
fjelltistel  
flaskestorr  
flekkmarihand  
gulildre  
gulstorr  
kornstorr  
kvitlyng

lusegras  
rome  
rundsoldogg  
røsslyng  
skogsnelle  
slirestorr  
smalsoldogg  
sumphaukeskjegg  
svarttopp  
sveltstorr  
tettegras  
torvull

#### 6 Litjvassheia

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåklokke  
blåtopp  
breiull  
duskull  
dvergbjørk  
dvergjamne  
einer  
finnskjegg  
fjellfrøstjerne  
fjellmarikåpe  
fjelltistel  
flekkmarihand  
geitsvingel  
greplyng  
gulildre  
harerug  
heiblåfjør  
heisiv  
hengjeveng  
kattefot  
kornstorr  
kreking  
kvitlyng  
kvitsymre  
lusegras  
mjuk kråkefot  
molte  
myrfiol  
rabbesiv  
raudsvingel  
rundsoldogg  
rypebær  
røsslyng  
skogstjerne  
slåtestorr  
smyle  
smørtelg  
stivstorr  
stormarimjelle  
stri kråkefot  
svarttopp  
sveltstorr  
tepperot  
tettegras  
tytebær

#### 7 Lomtjørna

bukkeblad  
flaskestorr  
soleinøkkerose

#### 8 Litjvatnet-Lomtjørna

bjørk  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåknapp  
blåtopp  
breiull  
duskull  
dvergbjørk  
einer  
flaskestorr  
flekkmarihand  
furu  
grønstorr  
heisiv  
klokkelyng  
kornstorr  
kreking  
krypsiv  
kvitlyng  
lusegras  
molte  
myrsnelle  
rome  
rundsoldogg  
rypebær  
røsslyng  
slåtestorr  
smalsoldogg  
stjernestorr  
stormarimjelle  
sveltstorr  
tepperot  
tettegras  
torvull  
tytebær

#### 9 Finnseterdalen

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåknapp  
blåtopp  
duskull  
einer  
finnskjegg  
fjelltistel  
flekkmarihand  
heisiv  
kreking  
lappvier  
loppestorr  
lusegras  
rogn  
rome  
rundsoldogg  
røsslyng  
skogsnelle  
skogstjerne  
stormarimjelle  
tepperot  
tettegras  
torvull

#### 10 Finnsetra

bjørk  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
bleikstorr  
blåbær  
blåknapp

blåtopp  
enghumleblom  
englodnegras  
engstorr  
fjellaugnetrøst  
fjelltistel  
flekkmarihand  
fugletelg  
geitsvingel  
grov nattfiol  
gråor  
gulaks  
harerug  
heisiv  
hengjeveng  
kornstorr  
kvitbladstistel  
kvitsymre  
linnae  
loppestorr  
mjøduert  
myrfiol  
myrklegg  
raudsvingel  
rogn  
rome  
ryllsiv  
skogstjerne  
skogstorkenebb  
sløkje  
slåtestorr  
smalkjennpe  
smyle  
smørtelg  
småengkall  
soleihov  
stjernestorr  
stortviblad  
sumphaukeskjegg  
svarttopp  
sveltstorr  
sølvbunke  
tepperot  
tettegras  
tytebær  
tågebær

#### 11 Vassgårdheia nord

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåklokke  
blåtopp  
breiull  
duskull  
finnskjegg  
fjellfrøstjerne  
fjellmarikåpe  
fjelltistel  
flekkmarihand  
greplyng  
harerug  
heisiv  
kreking  
kvitlyng  
kvitsymre  
loppestorr  
lusegras  
mjuk kråkefot  
molte

myrfiol  
rome  
rundsoldogg  
rypebær  
røsslyng  
skrubbær  
slirestorr  
smørtelg  
stormarimjelle  
sumphaukeskjegg  
svarttopp  
tepperot  
tettegras  
torvull

## 12 Øyfjellet

bjørk  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåtopp  
duskull  
finnskjegg  
furu  
greplyng  
gullris  
heisiv  
krekling  
kvitlyng  
linna  
myraugnetrøst  
rogn  
rome  
rypebær  
røsslyng  
skrubbær  
smyle  
småtranebær  
storfrytle  
stri kråkefot  
tepperot  
tytebær

## 14 Ugelseterdalen

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåknapp  
blåtopp  
breiull  
bukkeblad  
duskull  
dvergjamne  
dystorr  
einer  
flaskestorr  
flekkmarihand  
gullris  
heisiv  
klokkelyng  
rome  
rundsoldogg  
røsslyng  
slåttestorr  
smalsoldogg  
stjernestorr  
sveltstorr  
særbustorr  
tepperot  
tettegras  
torvull  
tytebær

## 15 Nord for Skarvan

bjørk  
bjørnebrodd  
blokkebær  
einer  
fjellfrøstjerne  
fjellmarikåpe  
fjelltistel  
gulsildre  
gulstorr  
harerug  
klokkevintergrøn  
smyle  
svarttopp  
trillingsiv

## 16 Sæterfjellet

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
bleikstorr  
blokkebær  
blåbær  
blåklukke  
blåtopp  
breiull  
duskull  
dvergjamne  
finnskjegg  
fjellfrøstjerne  
fjellmarikåpe  
fjelltistel  
flekkmarihand  
frynsestorr  
fugletelg  
følblom  
gulaks  
gulsildre  
gulstorr  
harerug  
heisiv  
kornstorr  
krekling  
kvitlyng  
kvitsymre  
loppestorr  
lusegras  
marikåpe  
myrfiol  
myrtistel  
myrtistel  
rome  
rundsoldogg  
røsslyng  
skogsiv  
skogsnelle  
skogstjerne  
skogstorkenebb  
slåttestorr  
smørtelg  
småengkall  
stjernestorr  
storfrytle  
stri kråkefot  
sumphaukeskjegg  
svarttopp  
sølvbunke  
sølvvier  
tepperot  
tettegras  
tepperot  
tytebær

## 17 Herkedal under Langslåa

alm  
bergfrue  
bjørk  
blåklukke  
breiflangre  
bringebær  
broddtelg  
brunrot  
einer  
enghumleblom  
engkvein  
firblad  
firkantperikum  
furu  
gaukesyre  
gjerdevikke  
grov nattfiol  
gråor  
gullris  
hassel  
hegg  
hengjeaks  
hengjeveng  
hundekveke  
junkerbregne  
kranskonvall  
kratthumleblom  
krattlodnegras  
krattmjølke  
kvitblattistel  
kvitsoleie  
kvitsymre  
liljekonvall  
lodnebregne  
lundrapp  
lækjeveronika  
markjordbær  
mjødurt  
myske  
ormetelg  
osp  
rogn  
rosenrot  
sanikel  
selje  
sisselrot  
skogfiol  
skogstorkenebb  
skogsvinerot  
skogvikke  
sløkje  
smyle  
storfrytle  
storklokke  
stormarimjelle  
strutsveng  
sumphaukeskjegg  
svartburkne  
sølvbunke  
tannrot  
tepperot  
trollbær  
turt  
tviskjeggveronika  
tågebær  
vendelrot

## 18 Herkedal nord for Skrebekken

blåknapp  
blåtopp  
breiull  
bukkeblad  
duskull  
enghumleblom  
engrapp  
engsoleie  
engstorr

fjellfrøstjerne  
geitsvingel  
grønstorr  
gulaks  
hanekam  
harerug  
jåblom  
knappsiv  
kornstorr  
krypsiv  
kvitsymre  
loppestorr  
mjødurt  
myraugnetrøst  
myrfiol  
myrfrytle  
myrklegg  
myrsauløk  
myrsnelle  
raudkløver  
raudsvingel  
rome  
rundsoldogg  
ryllsiv  
skogsnelle  
sløkje  
slåttestorr  
smalkjempe  
smalsoldogg  
stjernestorr  
storfrytle  
sumphaukeskjegg  
svarttopp  
særbustorr  
tepperot  
tettegras  
tiriltunge  
tytebær  
vanleg arve

## 19 Herkedalsheia nord for Herkedalssetra

bjørk  
bjørnebrodd  
bjørnekam  
bjørneskjegg  
blokkebær  
blåbær  
blåklukke  
blåknapp  
blåtopp  
duskull  
dvergbyrk  
dvergjamne  
einer  
finnskjegg  
fjelljamne  
fjellmarikåpe  
flekkmarihand  
furu  
greplyng  
gråor  
gullris  
gulsildre  
heiblåfjør  
heisiv  
kattefot  
klokkelyng  
kornstorr  
krekling  
